

Årsbudsjett 2018

Økonomiplan 2018-2021



Politisk utgåve
Vedteke av kommunestyret 19. desember 2017

Vinstra, 9.1.18

BUDSJETT 2018 – ØKONOMIPLAN 2018-2021

1. INNLEIING	5
2. ØKONOMISKE NØKKELTAL	7
2.0 <i>Innleining.....</i>	7
2.1 <i>Lønns- og prisføresetnader for driftsbudsjettet</i>	7
2.2 <i>Frie inntekter - skatteinntekt og rammetilskott.....</i>	8
2.3 <i>Eigedomsskatt.....</i>	9
2.4 <i>Inntekter frå kraftsektoren.....</i>	10
2.5 <i>Driftsrammer</i>	10
2.6 <i>Økonomiske nøkkeltal.....</i>	10
2.7 <i>Investeringsbudsjettet</i>	12
2.8 <i>Driftsbudsjettet fordelt på artsgrupper.....</i>	13
3. KOMMENTARAR TIL INVESTERINGSBUDSJETTET	15
3.0 <i>Innleining.....</i>	15
3.1 <i>IKT-investeringar</i>	19
3.2 <i>Investeringar - Teknisk drift (TD).....</i>	20
3.3 <i>Kulturbrygg.....</i>	27
3.4 <i>Andre investeringsutgifter</i>	27
4. KOMMENTARAR TIL DRIFTSBUDSJETTET	29
4.0 <i>Innleining.....</i>	29
4.1 <i>Politisk verksemد.....</i>	35
4.2 <i>Rådmannsleiing</i>	38
4.3 <i>Stab.....</i>	42
4.4 <i>Teknisk drift (TD)</i>	44
4.5 <i>Areal og næring (AN).....</i>	47
4.6 <i>Skolar</i>	49
4.7 <i>Barnehagar.....</i>	52
4.8 <i>Kultur</i>	53
4.9 <i>Forebyggende helsetenester</i>	56
4.10 <i>Avdeling for heimetenester.....</i>	59
4.11 <i>Avdeling for institusjonsomsorg</i>	60
4.12 <i>Tenester for funksjonshemma (TFF)</i>	62
5. UTDRAG FRÅ KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL (VEDTEKE I KS-SAK 45/17)	63
6. KOSTRA – TAL	73
7. ØKONOMISKE OVERSIKTER	77
7.1 <i>Budsjettkjema 1A: Driftsbudsjettet</i>	78
7.2 <i>Budsjettkjema 1B: Driftsbudsjettet</i>	80
7.3 <i>Budsjettkjema 2A og 2B: Investeringsbudsjettet</i>	82
7.4 <i>Økonomisk oversikt drift.....</i>	83
7.5 <i>Økonomisk oversikt investering.....</i>	84
8. DIVERSE ØKONOMISKE RAPPORTAR - VEDLEGG	85
8.1 <i>Lånegjeldsutvikling 2016 – 2021.....</i>	86
8.2 <i>Fondsutvikling 2016 – 2021.....</i>	87
8.3 <i>Investeringar brutto pr. prosjekt 2018 – 2021.....</i>	88
9. KOMMUNESTYRE SITT VEDTAK BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018-2021 (KS-SAK 119/17, 19.12.2017).....	91

1. INNLEIING

Kommunestyret (KS) vedtok i møte 19.12.2017, sak 119/17, budsjett for 2018 og økonomiplan 2018 - 2021. Behandlinga i KS tok utgangspunkt i saldert forslag frå administrasjonssjefen av 9.11.17 og formannskapet sitt forslag av 30.11.17.

Netto driftsresultat i økonomiplanen gir slike tal: **2018:** -2,1 %, **2019:** 0,9 %, **2020:** 0,0 % og **2021:** 1,0 %.

Budsjettert netto driftsresultat for perioden er basert på at kommunestyret legg til grunn effektar av eit større *omstillingsarbeid* som skal omfatte *heile* organisasjonen. Arbeidet starter i januar 2018, sjå pkt.3 tekstdel / verbale vedtak frå kommunestylesaka, pkt.1, som skisserer *fristar* for ulike delar av arbeidet. Kommunestyret har gitt retning for på kva områder endringane skal gi økonomisk effekt, sjå *skjema* for endra driftsbudsjett.

Kortversjonen er at det *ikkje* er tenesteområde som skal vere unntatt omstilling, men på nokre få saker / tema har kommunestyret sagt at 2018-nivå skal haldast uendra i planperioden. I 2018 er det lagt til grunn endring som skal gi effekt på **1,7 mill.kr.**, som aukar kraftig utover perioden til **17,9 mill.kr.** i 2021.

Det er grunna reduserte inntekter (hovudsak kraftinntekter) at behovet for omstilling blir særlig stort i komande periode. *Befolkningsutvikling* og *alderssamansetting* vil påverke retninga på arbeidet. 2018 vil difor i større grad enn tidlegare år vere prega av meir samanhengande budsjettarbeid.

Endringsarbeidet skal skje i nær dialog med partssamansett utval (administrasjonsutval) og TriPart (eit nytt organ; der både politikk, administrativ leiing og tillitsvalte skal vere med). Administrasjonssjefen har i etterkant av forslaget frå formannskapet av 30.11.17 innført *tilsettingsstopp* og aktivert *stillingsbank*. Nærare om korleis endringsarbeidet skal utøvast vil bli drøfta med tillitsvalte, og bakgrunnen er å skaffe *handlingsrom* ved at det inntil vidare skal mykje til for å tilsette fast i ledige stillingar i 2018. Ledige stillingar skal vurderast nøyne, og tilsette må rekne med å få andre arbeidsoppgåver i større grad enn kva som har vore vanleg i organisasjonen.

Administrasjonssjefen ser at store endringar kan ha konsekvens for tenesteproduksjonen. Det er ein ambisjon å få fram skisser for korleis vi kan arbeide annleis innafor ulike tenester, og at endringane ikkje i for stor grad skal ha konsekvensar for nivået på tenestene som blir produsert. Men det er utfordringar knytt til å produsere same tenester med færre tilsette. Bruk av ny teknologi skal ha fokus, bla. ved at når organisasjonen tar i bruk nye verktøy må ein forvente at det gir reduserte kostnader / auke i inntekter. Samtidig er mykje kommunal tenesteproduksjon *arbeidsintensiv*, dvs. avhengig av tilsette som har mykje kontakt med brukarar av kommunale tenester.

På sikt er intensjonen at ein «slanka» organisasjon skal levere gode tenester, og ein må rekne med at det oftare kan bli nødvendig å seie «nei» til konkrete prosjekt som legg opp til kommunale tilskott / bidrag, samtidig som kommunale basistener blir sett på relativt store utfordringar.

Samtidig som organisasjonen skal gjennom endringar har kommunen høge ambisjonar. Det er fleire større investeringstiltak som skal gjennomførast i perioden. Adm.sj. vil saman med bla. leiing av Teknisk Drift ha fokus på god gjennomføring / framdrift på dei store prosjekta.

Vi har mål om å gjøre ferdig *arealdel* av ny kommuneplan i 2018. Prosessen har gått føre seg

siste 1-2 år, og *samfunnsdelen* av ny kommuneplan blei vedtatt i 2017. I ny kommuneplan vil arealbruk gi føringar på korleis kommunen skal utvikle seg framover. Tenlege areal for næringsutvikling, sentrumsnære bustadområder og områder der ein skal legge til rette for vidare utbygging av fritidsbusstader er viktige tema. Det blir viktig å utvikle politikken for utvikling av tettstader / Vinstra som kommunalt- og regionalt senter.

Vi har hatt år med høg aktivitet knytt til samferdselstiltak, framover må vi ha fokus på tiltak som bidrar til ny sysselsetting i kommunen. I den samanhengen blir fortsatt arbeid med utvikling av hyttepolitikken viktig. Utbygging av infrastruktur i form av fiber / breiband vil bli ein viktig innsatsfaktor framover.

Kommunestyret har vedtatt ein tekstdel / verbalt vedtak på til saman 11 pkt. Dei går fram av møteboka frå K.sak 119/17 som er kopiert inn i budsjettboka.

Pr. 5.1.18 er det noko uvisse korleis det *økonomiske resultatet* for 2017 blir. Skatteinngangen gir ein svikt på 2,7 mill.kr. Inntektsutjamning vil kompensere for delar av mindreinngangen. Elles vil vi få innsparing på pensjon. Resultata for dei ulike tenesteområda vil bli avgjørande for rekneskapsresultatet.

For 2018 står vi ovafor eit krevjande arbeidsår. Mitt håp er at vi som tidlegare år kan gje både eigne innbyggjarar, hytteinnbyggjarar og andre som brukar kommunale tenester i Nord-Fron gode tenester. Siktemålet med omstilling / reduserte driftsrammer er at vi skal kunne levere tilfredsstillande tenester også framover.

Delar av budsjettet blir lagt ut på kommunen si heimeside.

Vinstra, 9.januar 2018

Arne Sandbu
Administrasjonssjef

2. ØKONOMISKE NØKELTAL

2.0 Innleiing

Det er fleire tekniske endringar som gjer at driftsbudsjettet for verksemderåda ikkje er direkte samanliknbar frå 2017 til 2018. Realitetsendringar innafor tenestenivået (pluss/minus tiltak) blir kommentert i kap. 4.

2.1 Lønns- og prisføresetnader for driftsbudsjettet

Budsjettarbeidet hausten 2017 tok utgangspunkt i gjeldande økonomiplan med framskriving av dei rammene som låg der, samt vedtak i 2017 som har verknad for økonomiplanen.

Økonomiplanen blir utarbeidd i faste 2018-prisar, og 1.året i planperioden blir etter kommunestyret sitt vedtak overført som budsjett for 2018.

Følgjande **lønns- og prisføresetnader** er lagt til grunn i 2018-budsjetten:

- **Lønn i faste stillingar:**

Lønsoppgjøret for 2018 er eit hovedoppgjør. I forslag til statsbudsjett er det lagt til grunn ei årslønnsvekst på 3,0 %. Nord-Fron har i snitt (dvs. uavhengig av kapitteltilhørighet i flg. hovudavtala) budsjettert med ei årslønnsvekst på 3,1 %, og dette er det same som SSB bruker i sine prognosar. Det inneber eit påslag på lønn på om lag 2,5 % pr 1. mai 2018.

- **Pensjonspremie:**

Kommunal landspensjonskasse (KLP): I budsjettet er pensjonspremien 17,5 %* på løn i faste stillingar og for tillegga som er pensjonsgjevande. Prognosa frå KLP legg til grunn ein pensjonspremie på 19 %.

Det har vore store positive avvik mellom prognosa frå KLP samanlikna med faktisk premie dei siste åra. Det er difor lagt til grunn ein lågare sats enn det KLP har som prognose.

Pensjonspremien og bruk av premiefond er lagt likt alle åra i planperioden.

*På verksemderåda er det budsjettert med 18,5 %, fordi den delen av premien som gjeld overføring frå premiefond i KLP er ført på eige ansvar (ansvar 807).

Statens pensjonskasse (STP – pensjonskasse for lærarar): 10,82 % på lærarløn.

Utvikling pensjonspremie (budsjett-tal):

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011
KLP	17,5%	19,0%	18,3%	18,0%	20,0%	16,4%	17,0%	13,5%
SPK	10,82%	10,25%	11,15%	11,55%	12,25%	11,31%	11,24%	10,46%

- **Arbeidsgivaravgift:** 10,6 % av alle lønnsutgifter inkl. pensjonspremie.
- **Andre driftsutgifter:** Det er i utgangspunktet lagt til grunn 1 % auke på utgifter i budsjettet. I forslag til statsbudsjett for 2018 er prisveksten i kommunesektoren anslått til

om lag 1,5 % fra 2017 til 2018 medan SSB legg til grunn ein prisvekst neste år på 2,4 %. Når prisveksten på utgifter i budsjettet er lagt lågare enn prognosa frå SSB inneber det ei forventning om generell innsparing og effektivisering.

- **Rente- og avdragsutgifter:** Det er lagt til grunn ein rentesats på 2,3 %, og ei avdragstid på 30 år for nye generelle investeringslån.

Sals- og leigeinntekter:

- Satsen for eigenbetaling i barnehagane blir auka i tråd med vedteke maks-sats i Statsbudsjett, og er på kr. 2.910 (kr. 2.730 i 2017). Det blir også vist til KS-sak 113/17.
- Satsen for husleige er generelt auka med om lag 2,5 %, men varierar mellom ulike bustader, jf. KS-sak 117/17.
- Satsen for vass-avgifter er uendra frå 2017, jf. KS-sak 114/17.
- Satsen for avgifter på avløp er redusert med 2 % frå 2017, jf. KS-sak 114/17.
- Satsen for feieavgifter er auka med 1,9 % for 1.pipe på bustader frå 2017, jf. KS-sak 114/17.
- Satsen for renovasjonsavgifter er auka med om lag 6 % frå 2017, jf. KS-sak 114/17.
- Satsen for septik-tømming er redusert med 5 % frå 2017, jf. KS-sak 114/17.
- Satsen for leige av kommunale kulturygg og gebyr etter plan- og bygningslova aukast med 2,5 %, jf. KS-sak 116/17.

For andre satsar som blir lokalt vedtatt er det i hovudsak lagt opp til 2 % auke, men det kan være at særskilte betalingsordninger får anna påslag.

På kommunestyremøte 19.12.17 vart det lagt fram eigne saker som omhandla dei ulike satsane.

2.2 Frie inntekter - skatteinntekt og rammetilskott

Tabellen viser samla nivå på budsjetterte frie inntekter med bakgrunn i forslag til statsbudsjett for 2018. Følgjande tal er brukt i budsjettet:

tal i 1000	Bud. 2017	Prognose 2017	Bud. 2018	Endr. prog.17 – B18	%- vis auke prog. 17 – B18
Skatt	159.961	159.547	162.992	3.445	2,2 %
Rammetilskott	164.210	164.916	170.062	5.147	3,1 %
Herav netto innt.utjamning	2.343	3.179	3.514	336	10,6 %
Sum frie inntekter	324.200	324.500	333.100	8.600	2,7 %

Alle tala i tabellen er basert på statsbudsjettet og modell frå KS. Frije inntekter viser ei auke på 2,7 % frå prognose R-17 til budsjett 2018, men tala er ikkje direkte samanliknbare.

Det er ein liten differanse mellom oppgåvekorrigerte frije inntekter og oppgitt prognose for frije inntekter for Nord-Fron basert på statsbudsjettet, men denne viser også ei auke på 2,7 % mellom prognose R17 og budsjett 2018.

Statsbudsjettet legg til grunn ei løns- og prisauke (kommunal deflator) på 2,6 % i 2018.

I 2018 får kommunen 1 mill. kr. i skjønnsmidlar (kr. 0 i 2012 og 2013, kr. 550.000 i 2014, kr. 700.000 i 2015, kr. 0 i 2016 og 1,3 mill. kr i 2017).

KS har også utarbeidd ein alternativ modell basert på det det relative skattenivået for årene 2014-2016 og *prognose* for folketal pr. 1.1.18 (basert på SSB sin MMMM befolkningsprognose). Denne modellen viser reduserte frie inntekter på ca. 2,1 mill. kr. for Nord-Fron kommune i 2018 samanlikna med det som er lagt inn i budsjettet / kjem fram i statsbudsjettet. Dei ulike modellane viser m.a. at utvikling av folketalet i kommunane har stor innverknad på sum frie inntekter. Det er viktig å vere merksam på at det er utviklinga i den enkelte kommune samanlikna med landsgjennomsnittet som leggast til grunn. I budsjettet er dei frie inntektene, korrigert for skjønnstilskott, lagt likt for alle åra i planperioden.

2.3 Eigedomsskatt

Det er budsjettet med slike inntekter frå eigedomsskatt i 2017 (tal i 1000):

	B18	B17*	R16
Type	Beløp	Beløp	Beløp
Verk og bruk	1.936	4.078	1.936
Næring	2.189		2.064
Kraftverk	22.141	27.625	35.026
Landbruk	957		818
Bustader	5.104	5.902	5.014
Fritidsbustader	5.496	5.068	5.359
Sum eigedomsskatt	37.823	42.673	50.218

*I B17 næring inkludert i verk og bruk. I tillegg var ikkje bustader, fritidsbustader og landbruk budsjettet detaljert, slik at desse må sjåast saman.

Den budsjetterte nedgangen i 2018 skuldast stor nedgang på eigedomsskatt frå kraftverk (jfr. eige liste frå Skatteetaten). Budsjettet for 2017 var på samla 42,673 mill. kr. Nedgangen frå 2017 til 2018 er på om lag 4,9 mill. kr. Frå 2016 til 2017 var det ein nedgang på 7,4 mill. kr. Det er lagt til grunn ei opptrappig / auke av eigedomsskatt frå kraftverk dei tre siste åra i planperioden, slik at inntekta auker med samla 3,4 mill. kr. frå 2018 til 2021.

Når det gjeld eigedomsskatt frå verker og bruk er det i Statsbudsjettet vedteke ei endring av skatten. Dette inneber ei nedtrapping av delar av skatten frå 2019 og utover. Nedgangen er berekna til å vera 1,1 mill. kr. i planperioda (nedgang frå 2019 til 2025). Reduksjonen er ikkje lagt inn i budsjettet.

Frå 2011 har kommunen hatt eigedomsskatt i **heile** kommunen.

Den generelle promillesatsen i 2017 er 7, med unntak for bustader og fritidsbustader der satsen er 3 promille. Botnfrådraget for bustader og fritidseigedomar er kr. 150.000. Promillesats og botnfrådrag er av kommunestyret budsjettet likt for heile 4-års perioden.

2.4 Inntekter frå kraftsektoren

Nord-Fron kommune har eigardelar i Gudbrandsdal Energi AS og Eidsiva Energi AS. Tabellen viser årlege uttak frå kraftverka og inntekter knytt til konsesjonskraft (tal i 1000):

	R-2015	R-2016	B-2017	B-2018
GE AS – utbytte	4.830	4.830	4.830	5.418
Netto inntekt for konsesjons- og avtalekraft	7.588	7.010	7.032	6.627
Sum GE AS / kons.kraft	12.418	11.840	11.862	12.045
Eidsiva Energi AS – utbytte	1.964	1.910	1.650	1.410
Renter ansvarleg lån Eidsiva as	990	1.000	1.000	1.000
Sum Eidsiva AS	2.954	2.910	2.650	2.410
Sum inntekter	15.372	14.750	14.512	14.455

Samla utbytte frå GE AS og Eidsiva AS er budsjettet med 6,8 mill. kr. i 2018. Det ligg inne ein gradvis nedgang på samla kr. 470 000 knytt til utbytte frå Eidsiva frå 2017 til 2021. Dette i tråd med varsle utbyttenivå frå selskapet for 2018-2021. Når det gjeld utbytte frå GE AS er det lagt inn ei auke i utbytte i tråd med ny eierskapsmelding. Auken er på 0,6 mill. kr. frå budsjett 2017 til budsjett 2018.

Betaling for konsesjons- og avtalekrafta er i 2018 budsjettet med netto inntekt på 6,6 mill. kr. Budsjettet for 2017 var på 7 mill. kr. Nedgangen er knytt til noko lågare sikra kontrakt på kraftpris neste år. Det er lagt inn ei gradvis auke i netto inntekt vidare i planperioden, slik at det i 2021 er budsjettet med 9,2 mill. kr. i netto inntekt (gir auke på 2,6 mill. kr. frå 2018 til 2021).

2.5 Driftsrammer

Netto driftsrammer til verksemdsområda, politisk verksemd og rådmannsleiing kjem fram i **budsjettkjema 1b**. Kommunestyret **vedtar** driftsbudsjettet på dette nivået og rekneskapen for 2018 leggast fram på same nivå.

Det er lagt inn innsparing på fleire områder. Desse er kommentert nærmare i kapittel 4 – drift.

2.6 Økonomiske nøkkeltal

Tabellen viser utviklinga av netto driftsresultat:

Tal i 1000	R-15	R-16	B-17	B-18	B-19	B-20	B-21
Netto driftsresultat*	27.566	20.642	4.133	-10.984	4.516	142	5.292
Nto. driftsres. i høve til sum driftsinntekter	4,9 %	3,8 %	0,8 %	-2,1 %	0,9 %	0,0 %	1,0 %

*Resultatet blir påverka av tilknytingsavgifter (inntekter) og rente/avdragskostnader for vann- og avløpsprosjekt Furusjøen. Dette gir spesielt stort utslag i B-19, men påverkar også dei andre åra i planperioden.

Netto driftsresultat viser differansen mellom brutto driftsutgifter og inntekter korrigert for netto utgifter til renter og avdrag. Netto driftsresultat viser kva kommunen har disponibelt til avsetningar til fond og bruk av eigne midlar i investeringsbudsjettet.

Vedlegg 2 til budsjettsaka (KS-sak 119/17) syner kommunestyret sine endringar frå administrasjonsjefens sitt framlegg til budsjett. I vedlegget er det ein feil i utrekninga av netto

driftsresultat og netto driftsresultat i høve til sum driftsinntekter. Tala som er oppgitt der er dermed ikkje rett og stemmer ikkje med det som er ført opp her.

Netto driftsresultat i høve til brutto driftsinntekter

Fylkesmannen har i dag ei anbefaling på 1,75 %. Måltaket for NFK vil bli vurdert i arbeidet med handlingsplan for Kommuneplanens samfunnsdel.

Utvikling av lånegjeld og utgifter til renter og avdrag:

Tabellen nedanfor viser opptak av lån til investeringar og startlån. Den viser vidare lånegjeldsutvikling og totale utgifter til renter og avdrag i planperioden.

Tala er basert på dei låneopptaka som er i investeringsbudsjettet (tal i 1.000):

År	Lån til inv.	Enøk lån	Start lån	Sum låneop.	Lånegj. Pr. 31.12	i % *	Sum avdrag	Sum renter	Sum rent. og avdr.
2016	108.250	0	1.050	109.300	515.199	104,1 %	23.039	11.226	34.265
2017	0	0	1.050	1.050	490.483	94,9 %	25.766	10.811	36.576
2018	41.691	0	3.000	44.691	509.023	98,2 %	26.151	9.482	35.633
2019	66.965	0	3.000	69.965	551.422	104,5 %	27.566	10.449	38.015
2020	51.551	0	3.000	54.551	576.488	113,5 %	29.485	11.459	40.944
2021	20.407	0	3.000	23.407	568.832	112,2 %	31.064	11.929	42.993

Tal i 2016 er reknekapstal og i 2017 regulert budsjett.

* i % av brutto driftsinntekter.

Lånegjelda aukar med om lag 53,6 mill. kr. frå utgangen av 2016 til slutten av planperioden. Rente- og avdragskostnadene aukar kraftig i perioden hovudsaklig som følgje av høgare lånegjeld. Måltaket for lånegjeld vil bli vurdert i arbeidet med handlingsplan for Kommuneplanens samfunnsdel.

I tråd med vedtak i KS-sak 59/17 er det lagt inn auka ramme for prosjekt VA Furusjøen med til saman 29,4 mill. kr. i planperioden.

For nærmere informasjon om investeringsprosjekta blir det vist til kap.3.

Når det gjeld startlån er det lagt opp til å auke låneopptaket frå 1,050 mill. kr. til 3 mill. kr. Det blir også vist til KS-sak 110/17 som omhandlar kva retningsliner kommunen skal ha for startlån.

Fondsutvikling:

Tabellen viser budsjettert utvikling av dei ulike fondstypane ved utgangen av kvart år i planperioden (tal i 1000):

	R-16	Prog R-17	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Ubunde investeringsfond	3.928	5.554	7.559	8.585	9.431	10.665
Bunde investeringsfond	3.580	2.138	2.160	2.181	2.203	2.225
Dispositionsfond	43.978	52.521	44.443	51.665	52.565	57.724
Bunde driftsfond*	44.819	20.781	15.842	12.096	10.901	11.006
Sum fond	96.304	80.995	70.005	74.527	75.101	81.620

Disposisjonsfond i % av sum driftsinntekter	8,1 %	10,2 %	8,6 %	9,8 %	10,3 %	11,4 %
--	--------------	---------------	--------------	--------------	---------------	---------------

*Hovudårsaka til reduksjon av bundne fond frå 2016 til 2018 er fullføring av flom-arbeid.

Kolonna «Prog R-17» er ajourført i tråd med vedtak i kommunestyret gjennom året t.o.m.

31.10.2017 samt FS-sak 104/17 «Regnskapsstatus pr. 30.9.2017 og budsjettreguleringer 2017, som vart behandla i kommunestyret 14.11.17.

Disposisjonsfond er dei midlane kommunen ”fritt” kan nytte til drifts- og investeringsformål. **Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter** er det nøkkeltalet som saman med netto driftsresultat seier kor stor handlefridom kommunen har til å takle uførutsette hendingar og til å eigenfinansiere investeringar. Måltaket for disp.fond i % av inntekter vil bli vurdert i arbeidet med handlingsplan for Kommuneplanens samfunnsdel.

Ved evt. gode rekneskapsresultat bør det som tidlegare prioriterast å styrke fonda gjennom avsetningar, og ikkje til å påføre kommunen varige auka driftsutgifter.

2.7 Investeringsbudsjettet

Det er lagt opp til slike *brutto* investeringar i planperioden:

Tal i 1000 kr.

Investeringar	2017*	2018	2019	2020	2021	Sum planper.
1. IKT- investeringar	800	1.000	1.470	900	800	4.170
2. Inv. teknisk drift	73.679	45.188	73.925	57.750	21.700	198.563
3. Kulturbrygg	300	0	270	500	0	770
Brutto investeringar	74.779	46.188	75.665	59.151	22.500	203.503

*=oppinneleg budsjett.

Kommunestyret **vedtar** investeringsbudsjettet på dette nivået, jfr. **budsjettkjema 2b**, og rekneskapen for 2018 leggast fram på same nivå. Alle investeringar er kommentert under kap. 3 «Kommentarar til investeringsbudsjettet». Liste over samlede investeringsprosjekt er vedlagt budsjettet.

Totale investeringar for dei ulike åra og finansiering av investeringane går fram av tabellen:

Tal i 1000 kr.

	2017*	2018	2019	2020	2021	Sum planp.
Brutto inv.	74.779	46.188	75.665	59.150	22.500	203.503
Finansiering:						
Bruk av lån	0	41.691	66.965	51.551	20.407	180.614
Tilsk./sal./refusj.	67.679	649	0	0	0	949
Momskomp.inv	7.100	3.848	8.700	7.599	2.093	22.248
Bruk av fond **	0	0	0	0	0	0
Bidrag frå dr. **	0	0	0	0	0	0
Sum finans.	74.779	46.188	75.665	59.150	22.500	203.503
Lånefin.grad	0,0 %	90,3 %	88,5 %	87,2 %	90,7 %	88,7 %
Eigen.k.grad	0,0 %					

*=oppinneleg budsjett

**innår i eigenkap.graden

Som det går fram av tabellen er storparten av investeringane i planperioden lånefinansiert.

Samla investeringsbudsjett (inkl. avsetningar og startlån) for planperioden er 228 mill. kr.

Momskompensasjon investeringar

Frå og med 2014 skal momskompensasjon for investeringar fullt ut inntektsførast i investeringsbudsjettet. Kravet i flg. regelverk / forskrifter er følgt opp i budsjettet. Budsjetterte beløp går fram av tabellen ovanfor. Sjå også kap. 3.

2.8 Driftsbudsjettet fordelt på artsgrupper

Tabellen viser utviklinga av dei ulike kostnadsartane innafor verksemderområda frå opprinnelige budsjett 2017 til 2018.

Tal i 1000	Budsjett 2017	Budsjett 2018	%-vis endr. B17-B18
Lønsutgifter (art 10)	328.008	344.328	5,0 %
Varer / tenester innan komm. produksjon (art 11 og 12)	80.835	78.892	-2,4 %
Varer / tenester som erstattar komm. produksjon (art 13)	49.411	55.295	11,9 %
Overføringer (art 14)	26.284	27.646	5,2 %
Finansieringsutgifter / transaksjonar (art 15)	5.334	50	
Sum utgifter	489.872	506.211	3,3 %
Salsinntekter (art 16)	78.395	73.758	- 5,9 %
Refusjonar (art 17)	29.964	25.900	- 13,6 %
Overføringer (art 18)	17.492	17.130	- 2,1 %
Finansinntekter / transaksjonar (art 19)	5.567	9.437	
Sum inntekter	131.418	126.225	- 4,0 %
Nettoutgift planområda	358.454	379.986	6,0 %

Kommentar til nokre endringar:

Lønsutgifter (art 10). Lønnsutgifter inkl. sosiale utgifter *aukar* med 5 %. Dette er mellom anna knytt til generell lønsauke, nye stillingar (spesielt knytt til Legeteneste og Tenester for funksjonshemma), endring i fast og variabel løn, pensjon og arbeidsgivaravgift.

Varer/tenester innan komm. produksjon (art 11 og 12) viser ein nedgang på 2,4 %. Dette er knytt til mindre reduksjonar på fleire ulike postar innan enkeltområder. Desse er nærmare kommentert i kap. 4. drift.

Varer / tenester som erstattar komm. produksjon (art 13) viser ein auke på 11,9 % og er hovedsakleg knytt til auka utgifter på ulike legetenester (sjå drift ansvar 330) samt auke i tilskott til private barnehager.

Refusjonar (art 17) er redusert med 13,6 %. Årsaken er m.a. at statleg tilskott for ressurskrevjande ikkje lengre er ført opp på verksemderområda, men under ansvar 807.

3. KOMMENTARAR TIL INVESTERINGSBUDSJETTET

3.0 *Innleiing*

Det er budsjettert med investeringar for 203,5 mill. kr. i planperioden, av dette er det budsjettert med 46,2 mill. kr. i 2018. Samla finansieringsbehov i investeringsbudsjettet er på 228,1 mill. kr.

Korrigert for momskompensasjon er finansieringsbehovet 205,8 mill. kr. Dette er finansiert med tilskott, fond og låneopptak.

Investeringsbudsjettet er delt inn i ulike **rammeområde**:

- IKT- investeringar
- Investeringar – Teknisk drift (TD)
- Kulturbygg med tilhøyrande utstyr

Større investeringsprosjekt på over 1 mill. kr. (brutto):

- IKT: Det er sett av 1 mill. kr. i 2018. Vidare i planperioden er det avsett til saman 3,17 mill. kr. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017 (0,4 mill. kr.)*.
- Grunnkjøp / grunnerstatning: Det er sett av 0,5 mill. kr. i 2018 og 0,5 mill. kr. årleg vidare i planperioden.
- Til utbetring av fleire kommunale bustader er det avsett 1,3 mill. kr. i 2018 og til saman 1,1 mill. kr. vidare i planperioden.
- Bustadområde Midtmoen: Det er sett av 3 mill. kr. i 2020.
- Bustadområde Gunnersvingen: Det er sett av 3,5 mill. kr. i 2020. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017 (1,65 mill. kr.)*.
- Til ombygging av kommunehuset (ferdigstilling 2. etasje) er det ført opp 2,5 mill. kr. i 2021.
- Utskifting av bilar: Det er sett av til saman 2,05 mill. kr. i planperioden til utskifting av bilar.
- Det er sett av 0,4 mill. kr. årleg i planperioden til utbetring etter tilsyn. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017 (0,3 mill. kr.)*.
- Til beising av kommunale bygg er det avsett 0,4 mill. kr. årleg i planperioden.
- Støttemur og utbetring øvre parkering/mot E6: Det er sett av 3 mill. kr. i 2019.
- Kloakkledning Brattliflata / tilrettelegging for tilknyting: Det er sett av til saman 0,2 mill. kr. i 2018 og 1 mil. kr. årleg i 2019 og 2020.
- Generelt vedlikehald kommunale vegar: Til fast dekke er det avsett 1,5 mill. kr. årleg i planperioden. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017 (0,85 mill. kr.)*.
- Gatelys/utskifting: Det er sett av 0,5 mill. kr. i 2018 og 1 mill. kr. i 2019 til større utskifting av gatelys. I 2020 og 2021 er det sett av 0,1 mill. kr. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017 (1,28 mill. kr.)*.
- Det er sett av 1 mill. kr. i 2021 til oppstart av oppgradering ved Kvam renseanlegg.

- Vinstra renseanlegg: Det er sett av 2 mill. kr. i 2021 til nedlegging/ombygging. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar fra 2017 (0,5 mill. kr.)*.
- Rekkverk/reparasjon: Det er sett av 0,3 mill. kr. årleg i planperioden.
- Brattliflata vassverk og bygging av ledningsnett fra Vinstra: Det er sett av 0,5 mill. kr. i 2018 og 5,5 mill. kr. i 2019 og 6 mill. kr. i 2020.
- Vann/avløpsanlegg Furusjøen: Det er sett av til saman 48 mill. kr. i planperioden. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar fra 2017 (51 mill. kr.)*. Tilknytingsavgifta for vatn/avløp Furusjøen er ført opp i driftsbudsjettet.
- Det er sett av 1 mill. kr. i 2021 til bytting/flytting av Sødorp kloakkpumpestasjon.
- Nedlegging av Skrinde kloakkpumpestasjon: Til omlegging/utfasing av anlegget er det sett av 3 mill. kr. i 2020.
- Til planlegging av ny hovedvassledning over Lågen er det sett av 1 mill. kr. i 2021.
- Frya renseanlegg: Det er sett av 1,75 mill. kr. i 2019 til utviding/utbetring som følgje av vedtak om vidare samarbeid om Frya RA i representantskapet for interkommunale ordningar, jf. KS-sak 130/15.
- Flomsikring av Givra: Det er sett av til saman 17,5 mill. kr. til gjennomføring av tiltaket i åra 2018 - 2020. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar fra 2017 (2 mill. kr.)*.
- Fortau langs Sundheimsvegen: Det er sett av 2 mill. kr. i 2018.
- Flomsikring/overvann Vinstra: Det er sett av 2 mill. kr. i 2018. Prosjektet skal sjåast i samanheng med opparbeiding av bustadområde i Toksefeltet. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar fra 2017 (0,85 mill. kr. samt 2,5 mill. kr. til bustadområde Toksefeltet)*.
- Innlekkning: For å redusere innlekkning på kloakkledningsnettet er det avsett til saman 15 mill. kr. i planperioden. Prosjektet må sjåast i samanheng med vedtak i representantskapet for interkommunale ordningar, og jf. KS-sak 130/15, der alt avløp skal overføres til Frya RA og Vinstra Renseanlegg blir nedlagt. I tillegg til midlar ført opp i planperioden kjem oppregulering av ubrukte midlar fra 2017 (3,5 mill. kr.)*. Det er også sett av midlar til innlekkingsprosjektet i driftsbudsjettet. Dette finansiert med bruk av sjølvkostfond.
- For oppgradering av vassleidningar er det avsett til saman 6 mill. kr. i planperioden. Tiltaket kjem som del av ny hovedplan vatn/avløp.
- Nødstrømsaggregat ved Kvam renseanlegg: Det er sett av 1,1 mill. kr. i 2019.
- Til utbetring for universell utforming ved Vinstra ungdomsskole er det sett av 1 mill. kr. i 2019.
- Det er sett av 0,5 mill. kr. årleg i 2019 og 2021 for utskifting av vindu ved skolebygg.
- Balansert ventilasjon Vinstra ungdomsskole: Det er avsett 0,2 mill. kr. i 2019 til å erstatte øydelagt aggregat på datarommet. I tillegg er det sett av 1,5 mill. kr. i 2021 til balansert ventilasjon.
- Til Campus Vinstra er det sett av 34 mill. kr. fordelt på åra 2019 og 2020. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar fra 2017 (8,28 mill. kr.)*.
- Vedlikehald Sundheim: Det er sett av til 0,3 mill. kr. årleg i 2018, 2019 og 2021. I 2020 er det sett av 0,15 mill. kr.

- Ny veg til Sundheim: Det er sett av 1,5 mill. kr. i 2018 til asfaltering.
- Påkostning TFF: Det er ført opp 0,65 mill. kr. i 2018 til parkeringsplassar/carport og 2 mill. kr. i 2019 til oppgradering av bygget.
- Det er ført opp 2 mill. kr. i 2020 for bygging av bustad ved TFF.

**I kommunestyret 19.12.2017, KS-sak 109/17, vart investeringsbudsjettet regulert ned for prosjekt som går over fleire år. I 2018 skal investeringsbudsjettet regulerast opp att, saman med andre pågåande prosjekt vidareført frå 2017. For dei prosjekta som var nedregulert i KS-sak 109/17 kan det bli mindre justeringar i oppreguleringa, og det heng saman med kor mykje som står att på prosjektet frå 2017 (ubrukte midlar). Dette kan også gjelde overføring av restmidlar for nokre fleire, mindre prosjekt. Finansieringa går ikkje ut over vedteke budsjett.*

I tillegg til prosjekta som er lista opp på førre side vart følgjande prosjekt nedregulert i KS-sak 109/17 (og desse blir tilsvarende oppregulert/rebudsjettert i 2018):

- Bustadområde Toksefeltet, jf. også flomsikring overvann Vinstra (2,5 mill. kr.).
- ENØK-tiltak (2 mill. kr.).
- Kostnader ny E6 (0,75 mill. kr.).
- Tiltak Skåbu sentrum (0,217 mill. kr.).
- Vollen kloakkpumpestasjon (2,99 mill. kr.).
- Veg i Rustmoen (1,25 mill. kr.).
- Skilting kommunale vegar (0,5 mill. kr.).
- Tettstedsutvikling (1,5 mill. kr.).
- Busskur (0,5 mill. kr.).
- Gang/sykkelveg Gamle Rustvegen (0,3 mill. kr.).
- Flytting av vannledning (0,5 mill. kr.).
- Rehabilitering av svømmebasseng, Skåbu skole (0,6 mill. kr.).
- Universell utforming og arb.plasser Kvam skole (0,45 mill. kr.).
- Grunnkjøp erstatningsbane Vestsida (0,73 mill. kr.).
- Utbedring Sødorp kyrkje (0,35 mill. kr.).
- Gyntestien (0,69 mill. kr.).
- Nybygg Vinstra helsecenter, jf. også Campus Vinstra (0,436 mill. kr.).
- Tilbygg Sundheim (2 mill. kr.).

Når det gjeld utbygginga på Sundheim vil arbeidet bli ferdig i 2017. Delar av oppgjøret skal likevel stå att til 2018 (10 % sikkerhet) og det vil difor bli ei nedregulering også knytt til dette prosjektet i 2017, med tilhøyrande oppregulering i 2018.

Tekstvedtak

I behandlinga av budsjett- og økonomiplan for 2018-2021 vart det i kommunestyret 19.12.2017, sak 119/17, gjort følgjande tekstvedtak relatert til investeringsbudsjettet:

- «7. Utviklinga av Vinstra sentrum skal være en hovedprioritet i perioden. Nye investeringer skal i hovedsak gjøres i området mellom Vinstrahallen og VVS. Bygging av nye lokaler for Karriere Oppland, helsestasjon og voksenopplæring bør være i gang første halvdel av 2019. Arbeidet med å sikre Givra bør komme i gang andre halvår 2018.
8. Administrasjonssjefen skal innen sommeren 2018 legge fram en sak for kommunestyret, som belyser behov og skisserer en plan for sentrumsnær bygging av leiligheter, både for eie og leie. Her skal det boligsosiale arbeidet vektlegges spesielt.
9. Flere kommunale boliger bør vurderes solgt. Administrasjonssjefen skal legge fram en sak for kommunestyret som viser en oversikt over kommunale boliger som kan selges. I påvente av en slik sak skal det ikke gjøres vedlikehold på lærerbolig i Gamlevegen (Prosjekt 2099 Lærarbustad Gamlevegen 19-21) og andre tilsvarende boliger det kan være aktuelt å selge
10. IKT er et aktuelt område for interkommunalt samarbeid. Inntil dette spørsmålet er avklart skal det kun gjennomføres helt nødvendige IKT investeringer.
11. Det er satt ev kr 500.000 i 2018 til utbedring av fortau i Skåbu. Disse midlene skal brukes til å utbedre fortauet forbi det gamle samvirkelaget i Skåbu.»

Generelt om inv.budsjett:

Meirverdiavgift:

Kostnader blir som hovedregel ført brutto, dvs. inkl. mva. på det enkelte prosjekt i investeringsbudsjettet. Meirverdiavgift (momskompensasjon) blir inntektsført på eigen funksjon.

Det er unntak for vatn/avløp. For desse prosjekta gjeld ikkje momskompensasjon, men ordinær meirverdiavgift. Kostnaden blir da ført netto, dvs. eks. mva, på det enkelte prosjekt. Meirverdiavgifta blir rekneskapsført i balanse.

Låneopptak:

Kommunale låneopptak var ute på anbod i 2015 og som følgje av det er det inngått rammeavtale med KLP Kommunekreditt AS og Kommunalbanken AS.

3.1 IKT-investeringar

Ansvar 125 Stab/Fellesutgifter

Det er samla sett av 4,17 mill. kr. til IKT-investeringar i planperioden.

Prosjekt 3207 Fiberutbygging.

Det er lagt inn kr 300.000 i 2019, og kr. 200.000 i 2020 og 2021 for tilrettelegging av fiber på ulike kommunale bygg.

Prosjekt 6078 Legekontor.

Det er sett av kr. 400.000 i 2018 til utskifting av telefonsentral legekontor/legevakt.

Prosjekt 8001 IKT Fellesutgifter datasenter.

Til ulike IKT-investeringar er det satt av kr. 600.000 i 2018.

I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017, som vart nedregulert i kommunestyret 19.12.2017, KS-sak 109/17 (0,4 mill. kr.).

I 2019 er det satt av 1,17 mill. kr. og vidare er det satt av 0,7 mill. kr. i 2020 og 0,6 mill. kr. i 2021.

På møte i kommunestyret 19.12.17 vart det i sak 119/17 gjort slikt tekstvedtak relatert til IKT:
«IKT er et aktuelt område for interkommunalt samarbeid. Inntil dette spørsmålet er avklart skal det kun gjennomføres helt nødvendige IKT investeringer».

3.2 *Investeringar - Teknisk drift (TD)*

Ansvar 140 Teknisk drift

Rekkefølgja på kommentarane er lagt i tråd med lista som viser brutto investering pr. prosjekt, slik at den er stigande i forhold til prosjektnummer. Unntaket er for bustadtomter som er samla først i kommentardelen for Teknisk drift.

F.o.m. 2016 er ei 100 % ingeniørstilling ved Teknisk drift kostnadsført i investering knytt til ulike prosjekt.

Det blir arbeidd med ny hovudplan for vatn og avløp. Når denne er klar vil den bli lagt fram for politisk behandling og prioriteringane vil påverke framtidige investeringar innan området.

Bustadbygging

Kommunen har ein del tilrettelagde tomter i alle delar av kommunen, og det er budsjettert med sal av bustadtomter i Toksefeltet, Huskero, Gunnersvingen, Skreddarstuggu og Midtmoen. I tillegg er det budsjettert med sal av tomter i Kvam sentrum. Dette er tomter kommunen har overteke etter flommen (totalt 5 stk), samt ei tomt på Per-Smed lykkja. Inntekter ved sal av bustadtomter blir avsett til ubunde investeringsfond.

Det er budsjettert med opparbeiding av tomter på Midtmoen og Gunnersvingen i planperioden. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017 knytt til Toksefeltet og Gunnersvingen.

Det er ikkje sett av midlar til opparbeiding av tomter i Knutsmorka og Huskero i planperioden. Dette er relatert til at det er opparbeidd fleire tomter i nærliggande områder, både frå kommunen si side (Midtmoen) og frå private aktørar (Barrustmoen).

Satsane for tomtekjøp og refusjon vart lagt fram som eiga sak for kommunestyret i møte 19.12.17, KS-sak 114/17. Satsane for refusjon for tomter (utanom Skåbu) vart auka frå kr. 150.000 i 2016 til kr. 180.000 i 2017 og er unendra i 2018. Prisen inkluderar refusjon for kabelanlegg/gatelys.

Tabell over *byggjeklare tomter* i dei ulike bustadområda i Kvam, Vinstra, Skåbu:

	Område	Ledige
Vinstra	Toksefeltet, eldre tomter	8
	Toksefeltet, nytt felt	1
Sorperoa	Midtmoen	4
	Knutsmorka	0
Ruste	Huskero	4
	Brandstad	2
Kvam	Per Smed-lykkja	1
	Skreddarstuggu	0
	Bergum	2
	Sentrum (flomtomter)	5
Skåbu	Austli	6

Prosjekt 2007 Knutsmorka bustadområde.

Det er ikkje sett av midlar til opparbeiding av nye tomter i planperioden. Dette er relatert til at det blir opparbeidd fleire tomter i nærliggande områder i perioden, både frå kommunen si side (Midtmoen) og frå private aktørar (Barustmoen).

Prosjekt 2008 Huskero bustadområde.

Det er ikkje sett av midlar til opparbeiding av nye tomter i planperioden. Det er budsjettert med sal av to tomter i planperioden.

Prosjekt 2009 Toksefeltet bustadområde.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2017 (2,5 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjetert i 2018 jf. KS-sak 109/17 .

Det er vidare lagt opp til sal av fire tomter i Toksefeltet i planperioden.

Vidare opparbeiding sjåast også i samanheng med vidare *flomsikring/overvann Vinstra* (prosjekt 3188).

Prosjekt 2013 Skreddarstugu bustadområde.

Det er budsjettert med sal av 1 tomt i planperioden.

Prosjekt 2015 Kvam sentrum – bustadområde.

Det er budsjettert med sal av totalt fire tomter i planperioden. Dette er tomter som kommunen har overteke etter flommen i 2013, og som er lagt ut for sal etter at bygge/deleforbodet er oppheva. Det inkluderer også ei tomt på Per Smed-lykkja.

Prosjekt 2022 Midtmoen bustadområde.

Det er budsjettert med 3 mill. kr. i 2020 til vidare opparbeiding av tomter.

Det er budsjettert med sal av åtte tomter i planperioden.

Prosjekt 2094 Gunnarsvingen bustadområde.

Det er sett av 3,5 mill. kr. i 2020 til opparbeiding av tomter. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017, som vart nedregulert i kommunestyret 19.12.2017, KS-sak 109/17 (1,65 mill. kr.). Det er budsjettert med sal av ei tomt i planperioden.

Prosjekt 2004 Grunnkjøp.

For å kunne kjøpe areal til bustad/næringstomter er det ført opp 0,5 mill. kr. årleg i planperioden. Dette kan gjelde både ordinært kjøp av areal, og gjennom kjøp der pris blir fastsett ved skjønn.

Prosjekt 2005 Utbetring kommunale eigedommar.

Det er ført opp 1,3 mill. kr. i 2018 til utbetring og oppgradering av ulike kommunale bustader for utleige. Det er m.a. behov for oppgradering av bad og kjøkken, i tillegg til generell rehabilitering. Vidare i planperioden er det sett av 300.000 i 2019 og 2021, og kr. 500.000 i 2020.

Prosjekt 2039 Ombygging kommunehuset.

Det er ført opp 2,5 mill. kr. i 2021 for å gjennomføre utbygging av mellombygget mellom Nedregt. 50 og 54 slik at ein kan legge til rette for fleire kontor. Sjåast saman med *prosjekt 2084 Riving Høgtun* og *prosjekt 2097 Oppgradering møterom*.

Prosjekt 2050 Kjøp av bil.

Det er ført opp kr. 350.000 årleg i 2018, 2019 og 2020 til utskifting av bilar ved Teknisk Drift. I 2021 er det ført opp 1 mill. kr. til prosjektet med tanke på større utskifting.

Prosjekt 2052 ENØK-tiltak.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2017 (2 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2018 jf. KS-sak 109/17 .

Prosjekt 2068 Låsesystem.

For å få eit sikrare låsesystem på dei viktigaste kommunale bygga er det ført opp kr. 625.000 i 2019, og kr. 100.000 årleg i 2020 og 2021.

Prosjekt 2070 Kjøp av maskiner.

Det er ført opp kr. 200.000 årleg i perioden til utskifting av maskiner/utstyr (plenklipparar o.a.).

Prosjekt 2080 Oppgradering/utskifting tepper mm kommunehus.

Til oppgradering av golv og utskifting av tepper er det ført opp kr. 100.000 årleg i planperioden.

Prosjekt 2081 Utbetring etter tilsyn.

Til utbetring etter tilsyn, mellom anna knytt til funn av radon i fleire bygg, er det lagt inn kr. 400.000 årleg i planperioden. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017, som vart nedregulert i kommunestyret 19.12.2017, KS-sak 109/17 (0,3 mill. kr.).

Prosjekt 2084 Riving Høgtun.

Høgtun blir sanert i 2020, og det er ført opp kr. 300.000 til dette. Det er forslag om nye kontorlokal til Kyrkjeleg Fellesråd gjennom å legge til rette for fleire kontor i Nedregt. 50 og 54. Sjå også prosjekt 2039 Ombygging kommunehuset.

Prosjekt 2087 Kostnader ny E6.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2017 (0,75 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2018 jf. KS-sak 109/17 .

Prosjekt 2090 Beising kommunale bygg.

Det er ført opp kr. 400.000 årleg i planperioden til beising av ulike kommunale bygg.

Prosjekt 2096 Støttemur / parkering kommunehuset.

Det er ført opp 3 mill. kr. i 2019 til utbetring av støttemur mellom øvre parkeringsplass på kommunehuset og E6, samt betre tilrettelegging for straum til El-bilar.

Prosjekt 2100 Sal Gunstad.

Det blir lagt opp til at bustaden blir solgt, og det er ført opp inntekt på 1 mill. kr. i 2018. Inntekta blir avsett til ubunde investeringsfond.

Prosjekt 3007 Kloakk, mindre nyanlegg.

I samband med arbeidet med å føre fram vassleidning til Brattliflata vassverk er det hensiktsmessig at det blir tilrettelagt for tilknyting til kloakkanlegg samtidig. Det er ført opp

kr. 200.000 i 2018 og 1 mill. kr. årleg i 2019 og 2020 til prosjektet. Sjå også *prosjekt 3029 Brattliflata vassverk*.

Prosjekt 3013 Kommunale vegar, fast dekke.

Det er ført opp 1,5 mill. kr. årleg i perioden for legging av faste dekker på kommunale vegar. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017, som vart nedregulert i kommunestyret 19.12.2017, KS-sak 109/17 (0,85 mill. kr.).

Prosjekt 3015 Gatelys.

For å følgje opp krav til utskifting av gatelys/armatur er det ført opp til saman 1,5 mill. kr. i 2018 og 2019. I 2020 og 2021 er det ført opp kr. 100.000.

I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017, som vart nedregulert i kommunestyret 19.12.2017, KS-sak 109/17 (1,28 mill. kr.).

Sjå også *prosjekt 3198 Målepunkt gatelys*.

Prosjekt 3021 Kvam renseanlegg.

I samband med utbygging av vann/avløp Furusjøen kan det måtte gjerast tilpasningar og auke kapasiteten ved vassverket. Det er usikkert når dette blir aktuelt. Det er ført opp 1 mill. kr. til oppstart av arbeidet i 2021.

Prosjekt 3022 Vinstra renseanlegg.

Det er ført opp 2 mill. kr. i 2021 for tilpassingar i samband med stenging av anlegget. Dette omhandlar m.a. ombygging til pumpestasjon og andre ombyggingskostnader. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017, som vart nedregulert i kommunestyret 19.12.2017, KS-sak 109/17 (0,5 mill. kr.).

Sjå også *prosjekt 3124 Utviding Frya Renseanlegg*.

Prosjekt 3025 Rekkverk.

Det er ført opp kr. 300.000 årleg til rekkverk/autovern. Dette gjeld både større utbetring/reparasjon og nyanlegg.

Prosjekt 3029 Brattliflata vassverk.

For utbetring av høgdebassensenget og bygging av ny leidning frå Vinstra til Brattliflata er det ført opp til saman 12 mill. kr. fordelt på 2018, 2019 og 2020. Sjå også *prosjekt 3007 Kloakk, mindre nyanlegg*.

Prosjekt 3030 Sonevassmåling.

For installering av vassmålar på høgdebassenga i Tokse og Byrstugu, samt mellombassensenget i Tokse, er det ført opp kr. 200.000 i 2019.

Prosjekt 3040 Tiltak Skåbu sentrum.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2017 (0,217 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2018 jf. KS-sak 109/17 .

Prosjekt 3050 Furusjøen vassforsyning og 3099 Furusjøen ledningsnett.

Det er ført opp til saman 48 mill. i 2018, 2019 og 2020 til gjennomføring av prosjektet i tråd med KS-sak 93/14 og KS-sak 59/17. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017, som vart nedregulert i kommunestyret 19.12.2017, KS-sak 109/17 (51 mill. kr.).

I driftsbudsjettet er det lagt inn inntekt gjennom tilknytingsavgift i 2019, 2020 og 2021.

Inntekta blir sett opp mot avdrag/renter på lån, og avstemt mot eige fond i drift. I driftsbudsjettet er det også budsjettet med i kommunale avgifter som følgje av prosjektet fra 2019.

Prosjekt 3059 Vinstra vassverk, pumpekapasitet.

Det er ført opp kr. 500.000 i 2021 for å betre pumpekapasiteten ved Vinstra vassverk, slik at kapasitet på vassforsyning til Kvam og Vinstra blir sikra.

Prosjekt 3074 Sødorp kloakkpumpestasjon.

Til bytting og flytting av pumpestasjonen ved Sandbakken er det ført opp 1. mill. kr. i 2021.

Prosjekt 3075 Nedlegging Skrinde kloakkpumpestasjon.

Det er ført opp 3 mill. kr. i 2020 for omlegging av leidningsnettet og nedlegging av Skrinde kloakkpumpestasjon.

Prosjekt 3091 Hovudvassledning over Lågen.

For tilrettelegging av ny hovudvass- og avløpsledning over Lågen er det ført opp 1. mill. kr. i 2021.

Prosjekt 3124 Utviding Frya Renseanlegg.

Vidare samarbeid om Frya Renseanlegg vart behandla i ekstraordinært møte i representantskapet for interkommunale ordningar 9.10.15 og vedteke i kommunestyret 23.11.2015, KS-sak 130/15. Som ein del av vedtaket der og semje om vidare drift er det ført opp 1,75 mill. kr. i 2019 til investeringar ved anlegget. Det blir også vist til *prosjekt 3192 Kloakkledninger innleking og prosjekt 3022 Vinstra renseanlegg*.

Prosjekt 3135 VA-Anlegg Frostadjordet

Det er ført opp kr. 600.000 i 2020 til bygg over trykkaukar på vassforsyning til området.

Prosjekt 3139 Vegomlegging Pallane.

For å starte planlegging av vegutbetring av kommunal veg til Pallane er det ført opp kr. 500.000 i 2021.

Prosjekt 3148 Geodata/kart (GIS).

Det er ført opp kr. 288.000 brutto i 2018 til nye modular relatert til kartsystemet. Utgifta er fordelt på dei tre deltakarkommunane, slik at netto investering for Nord-Fron kommune er kr. 91.000. Investeringa er ført opp i tråd med vedtak i representantskapsmøte for interkommunale ordningar 25.10.2017.

Prosjekt 3184 Fortau Sundheimsvegen.

Til fortau langs Sundheimsvegen er det ført opp 2 mill. kr. i 2018.

Prosjekt 3188 Flomsikring/overvann Vinstra.

Det er ført opp 2 mill. kr. i 2018 til flomsikring/føring av overvatn. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017, som vart nedregulert i kommunestyret 19.12.2017, KS-sak 109/17 (0,85 mill. kr.).

Prosjektet sjåast i samanheng med *prosjekt 2009 Toksefeltet bustadområde* og vidare opparbeiding av tomter der.

Prosjekt 3192 Kloakkledninger innleking.

I samband med vedtak om vidare drift ved Frya Renseanlegg har Nord-Fron forplikta seg til å redusere innleking på kloakkledningsnettet. Det er ført opp til saman 15 mill. kr. til arbeidet i planperioden I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017, som vart nedregulert i kommunestyret 19.12.2017, KS-sak 109/17 (3,5 mill. kr.).

Det er også ført opp midlar til arbeidet (vedlikehald) i driftsbudsjettet. Dette er finansiert med sjølvkostfond.

Sjå også prosjekt 3124 Utviding Frya Renseanlegg.

Prosjekt 3196 Flomsikring Givra.

Det er ført opp til saman 17,5 mill. kr. fordelt på 2018, 2019 og 2020 til flomsikring av Givra.

Det er førebels ikkje teke høgde for tilskott/refusjonar frå andre, som t.d. fylkeskommunen.

På møte i kommunestyret 19.12.17 vart det i sak 119/17 gjort slikt tekstvedtak relatert til prosjektet:

«Utviklinga av Vinstra sentrum skal være en hovedprioritet i perioden. Nye investeringer skal i hovedsak gjøres i området mellom Vinstrahallen og VVS. Bygging av nye lokaler for Karriere Oppland, helsestasjon og voksenopplæring bør være i gang første halvdel av 2019. Arbeidet med å sikre Givra bør komme i gang andre halvår 2018».

Prosjekt 3198 Målepunkt gatelys.

I samband med pålegg om måling av forbruk av straum til gatelys er det ført opp kr. 500.000 til dette i 2018. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017, som vart nedregulert i kommunestyret 19.12.2017, KS-sak 109/17 (1 mill. kr.).

Sjå også prosjekt 3015 Gatelys.

Prosjekt 3203 Vassleidning – oppgradering.

Det er ført opp 2,5 mill. kr. årleg i 2019 og 2020, samt 1 mill. kr. i 2021 til oppgradering av vassleidningar på Vinstra, i Kvam og i Skåbu. Tiltaket vil inngå i ny hovudplan for vatn som skal til politisk behandling.

Prosjekt 3206 Nødstrømsaggregat.

Det er ført opp 1,1 mill. kr. i 2019 til nødstrømsaggregat ved Kvam renseanlegg.

Prosjekt 3209 Vegløsning Nordre Byre.

For å få på plass ny vegløsning ved Nordre Byre er det ført opp kr. 500.000 i 2019. Dette gjeld innkjøring til lege/tannlegesenter m.m.

Prosjekt 3212 Fortau Skåbu.

Til fortau i Skåbu er det ført opp kr. 500.000 i 2018. På møte i kommunestyret 19.12.17 vart det i sak 119/17 gjort slikt tekstvedtak relatert til prosjektet:

«Det er satt av kr. 500.000 i 2018 til utbedring av fortau i Skåbu. Disse midlene skal brukes til å utbedre fortauen forbi det gamle samvirkelaget i Skåbu».

Prosjekt 4007 Nytt kjøkken Barhaug skole.

Til nytt personalkjøkken er det ført opp kr. 200.000 i 2018.

Prosjekt 4010 Større vedlikehald Sødorp skole.

Det er ført opp kr. 200.000 i 2019 til himling og personaltoalett på SFO-avdelinga samt ny kjøkkeninnreiing ved personalavdelinga.

Prosjekt 4013 Tilbygg Vinstra ungdomsskole.

Til ombygging av kantina for tilrettelegging av matservering er det ført opp kr. 500.000 i 2019.

Prosjekt 4027 Vedlikehald Skåbu Oppvekst.

Det er ført opp kr. 150.000 i 2019 til uskifting av lysarmatur ved Skåbu Oppvekst.

Prosjekt 4037 Uteanlegg Sødorp skole.

For tilrettelegging av fleire parkeringsplassar rundt Sødorp skole og Vinstra ungdomsskole er det ført opp kr. 100.000 i 2019.

Prosjekt 4046 Barhaug skole, ombygging.

Det er ført opp kr. 250.000 i 2020 for ombygging av toalettanlegget ved Barhaug skole.

Prosjekt 4047 Ruste barnehage.

For å tilrettelegge for eige rom med god utlufting, slik at barnevogn kan plasserast der medan barna sov, er det ført opp kr. 250.000 i 2019.

Prosjekt 4061 Universell utforming, Vinstra Ungdomsskole.

Det er ført opp 1 mill. kr. i 2019 for å tilrettelegge for elevar med særskilde behov. Dette inkluderer m.a. stellerom med takheis, stellebord og skifte av dører.

Prosjekt 4066 Utskifting vinduer skole.

Det er ført opp kr. 500.000 i 2019 og 2021 til utskifting av vinduer på skolene.

Prosjekt 4073 Balansert ventilasjon smie og sløydsal.

Det er ført opp kr. 200.000 i 2019 til utskifting av aggregat i datarom. I 2021 er det ført opp 1,5 mill. kr. til ventilasjon i smie/sløydsal.

Prosjekt 5055 Campus Vinstra og prosjekt 5060 Campus Vinstra – Helsestasjon.

Det er ført opp til saman 19 mill. kr. i 2019 og 15 mill. kr. i 2020 til prosjektet. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2017, som vart nedregulert i kommunestyret 19.12.2017, KS-sak 109/17 (8,28 mill. kr.). Det blir elles vist til KS-sak 24/17.

Prosjekt 6008 Større vedlikehald Sundheim.

Til vedlikehald av gjenverande bygningsmasse er det ført opp kr. 300.000 årleg i 2018, 2019 og 2021. I 2020 er det avsett kr. 150.000.

Prosjekt 6016 Ny veg Sundheim.

Til asfaltering av ny veg til Sundheim er det ført opp 1,5 mill. kr. i 2018.

Prosjekt 6042 Påkostning TFF.

Det er ført opp kr. 650.000 i 2018 for tilrettelegging av parkeringsplassar/carport ved TFF. Til mellom anna ombygging av kontor, vindu og isolering ved TFF er det ført opp 2 mill. kr. i 2019.

Prosjekt 6044 Omsorgsbustader.

For bygging av ny bustad ved TFF er der ført opp 2 mill. kr. i 2020.

3.3 Kulturbrygg

Ansvar 272 Kulturbrygg

Prosjekt 5008 Utskifting tak Kvam Bygdahus

Til skifte av tak ved Kvam Bygdahus er det avsett kr. 270.000 i 2019.

Prosjekt 5051 Gammelbanken – vinduer/maling, tak.

Det er sett av kr. 500.000 i 2020 til skifte av vindauge, brannvarslingssystem og beising.

3.4 Andre investeringsutgifter

Prosjekt 7014 Eigenkapitalinnskott KLP.

Det er budsjettert med 1,35 mill. kr. i eigenkapitalinnskott til KLP for alle åra i planperioden.

4. KOMMENTARAR TIL DRIFTSBUDSJETTET

I dette kapittelet er det trekt ut nokre av dei viktigaste endringane i driftsbudsjettet.

4.0 Innleiing

Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter for budsjett- og økonomiplan 2018-21 viser følgjande tal: **2018:** - 2,1 %, **2019:** 0,9 %. **2020:** 0,0 % og **2021:** 1,0 %.

Tilknytingsavgifter (inntekter), renter og avdrag (utgifter) for vann- og avløp Furusjøen og verkar inn på resultatet. Korrigert for dette er driftsresultata slik:

2018: -1,5 %, **2019:** -1,5 %. **2020:** 0,9 % og **2021:** 1,9 %.

- Det er budsjettet med utbytte frå Gudbrandsdal Energi AS og Eidsiva Energi AS på 6,828 mill. kr. i 2018.
- Netto inntekt ved sal av konsesjonskraft er redusert med om lag 0,4 mill. kr. frå 2017 (frå 7 mill. kr. til 6,6 mill. kr. i 2018). Dette er basert på stipulerte priser i marknaden.
- Eigedomsskatten frå kraftverk er redusert med 5,5 mill. kr. frå 2017 til 2018.
- Pensjonspremie KLP er lagt inn med 17,5 % for alle åra i planperioden (19 % i 2017).
- Det er lagt inn eit generelt effektiviseringskutt gjennom at prognosa på prisvekst ikkje er fullt ut kompensert når det gjeld utgifter. I tillegg er det lagt inn fleire konkrete innsparinger. Desse er lista opp i eigen oversikt under.
- Tilskot til ulike interkommunale ordningar er lagt inn i tråd med vedtak i representantskapet for ordningane 25.10.2017.
- Til større vedlikehald på avlaupsnettet er det totalt ført opp 5,8 mill. kr. i 2018. Dette omhandlar m.a. arbeid med å redusere innlekkning, og det er finansiert gjennom bruk av sjølvkostfond på kloakk(avløp. Knytt til dette er det også ført opp meirkostnader på ledningsnett for vatn i perioden med tilsvarende bruk av sjølvkostfond.
- I samband med utbygging av vatn(avløp ved Furusjøen er det lagt inn inntekt gjennom tilknytingsavgift i 2019, 2020 og 2021. Avgifta er avstemt mot kapitalkostnader og sett av til fond. Det er ført opp noko inntekt gjennom kommunale avgifter som følgje av prosjektet frå 2019 og vidare i planperioden.
- For avgift knytt til kommunaltekniske tenester er det slike avgiftsendringar i 2018 frå 2017:
 - Redusert fast- og forbruksavgift på kloakk med 2 %.
 - Uendra fast- og forbruksavgift på vatn.
 - Redusert avgift på septiktømming med 5 %.
 - Auka avgift på renovasjon med om lag 6 %.
 - Auka avgift på feiing med 1,9 %.
- Det er ikkja lagt inn auke i eiedomsskatt for bustadar, hytter og næringseigedom.
- Driftskostnader ved Campus Vinstra (jf. også investeringsbudsjettet) er lagt inn med kr. 300.000 frå 2020 (fløtt eit år ut i planperioden samanlikna med gjeldande økonomiplan).

- Tilskot til ikkje-kommunale (private) barnehagar er budsjettert med 10 mill. kr. årleg. (8,7 mill. kr. i budsjett 2017), jf. KS-sak 118/17.
- Eigenbetaling for barnehageplass er auka i tråd med makssatsar i Statsbudsjett.
- Det er lagt opp til å ta i mot inntil 10 flyktningar årleg dei 4 neste åra, jf. KS-sak 105/17. Dette er i tråd med det IMDI (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet) har bede kommunen om å ta imot i 2018. I tillegg kjem flyktningar som følgje av familiegjenforening.
Introduksjonsstønad, integreringstilskot og personstilskot er lagt inn i tråd med dette.
- Utgifter til legevakt, legevaktvarsling og KAD/øyeblankeleg hjelp er auka med 1 mill. kr. i 2018. Dette er i tråd med anslag frå vertskommunene.

Reduksjonar frå 2017:

- Forvaltningsrevisjon er redusert med kr. 150.000 samanlika med forslag frå kontrollutvalet.
- Utgifter til Byfest er redusert med kr. 100.000 årleg.
- Betaling til sjukehuset for utskrivingsklare pasientar er tatt ut (utgjer kr. 108.000).
- Kursutgifter for Stab er redusert med kr. 150.000 årleg.
- Felles annonsekostnader er redusert med kr. 100.000 årleg.
- Seniortiltak er redusert med kr. 100.000 årleg.

I tillegg er det lagt inn ulike reduksjonar knytt til flyktningarbeid. Desse er kommentert nærmare under kap.4.8 Kultur.

Mottaksklasse, som ligg under ansvar 117, er redusert med kr. 100.000.

Politiske vedtak for oppfølging i budsjettarbeidet 2018-2021:

Det er gjennom 2017 gjort politiske vedtak som har konsekvens for budsjett- og økonomiplan 2018 – 2021.

Følgjande er *innarbeidd* i budsjettet med heilårsverknad for eitt/fleire år i planperioden:

- Etablering av HDO-plassar, jf. FS-sak 38/17.
- Styrking av nattevakts-tenesta (reduksjon avd.Øst), jf. FS-sak 39/17.
- Styrking av legetenesta (fastlege/kommuneoverlege), jf. KS-sak 36/17.
- Etablering av tildelingskontor, jf. KS-sak 37/17.
- Tilskot til Pallane, jf. KS-sak 54/17.
- Styrking av TFF til barnebustad, jf. KS-sak 72/17.
- Utvida SFO-tilbod / opningstid, jf. KS-sak 81/17.

Endrings- og effektiviseringsarbeid / tekstvedtak:

På møte i kommunestyret 19.12.17 vart det i sak 119/17 gjort vedtak om innsparingar i planperioden slik:

	2018	2019	2020	2021
Endring/effektivisering - Politisk virksomhet	-200	-600	-900	-900
Endring/effektivisering - Ledelse og administrasjon	-1 000	-1 500	-3 500	-4 000
Endring/effektivisering - Skole og barnehage	0	-500	-2 000	-2 500
Endring/effektivisering - Teknisk drift/Areal og Nærings	-500	-1 500	-3 500	-4 000
Endring/effektivisering - Kultur	0	-500	-1 000	-1 000
Endring/effektivisering - Helse og omsorg	0	-1 000	-3 000	-3 500
Endring/effektivisering - Interkommunale samarbeid			-1 000	-2 000
SUM	-1 700	-5 600	-14 900	-17 900

Det vart gjort slikt tekstvedtak relatert til dette:

1. *Følgende prosess og prinsipper skal gjelde for endrings- og effektiviseringsarbeidet*

- a. *Formannskap, kommunestyre og partssammensatte organer skal holdes godt informert og involvert i dette arbeidet. Innen 1. juli 2018 skal det legges fram en sak som viser en skisse for hvordan arbeidet skal gjøres.*
- b. *Innen 1. november 2018 skal kommunestyret vedta hvordan effektiviserings- og endringsarbeidet skal gjennomføres for å få nødvendig virkning i årene 2019-2021.*
- c. *Det settes ned en gruppe på 3-4 representanter fra kommunestyret som skal vurdere organisering og effektiviserings tiltak innen politisk virksomhet. Innen 1. juni 2018 skal gruppa legge fram et forslag for KS om innsparing og organisering.*
- d. *Prinsipper for endrings- og effektiviserings tiltak*
 - i. *Effektiviserings tiltak skal i minst mulig grad gå ut over brukerne av tjenestene. Spesielt innen helse og omsorg må det vises stor varsomhet i forhold til kutt som foretas.*
 - ii. *Endrings- og effektiviseringsarbeidet skal skje i tett samarbeid med de ansattes organisasjoner. Her blir trepart-samarbeidet spesielt viktig.*
 - iii. *Reduksjon av stillinger skal i all hovedsak skje ved naturlig avgang. I tillegg skal følgende tiltak prioriteres:*

2. *Det settes av kr 300.000 pr. år i perioden til nærings- og utviklingsarbeid. I 2018 skal kr 200.000 brukes til å legge til rette for ny næringsaktivitet i området rundt den nedlagte sponplatefabrikken i Kvam. Deler av midlene kan også brukes til tiltak som eksempelvis satser på lokalmat, prosjekt Vinstra 2046 og andre tiltak som Formannskapet prioriterte i sin næringsstrategi.*

3. *DNT Gudbrandsdalen har planer om å bygge ny hytte i Skåbu. Kommunestyret er positiv til å bidra til prosjektet og vil vurdere søknaden i forbindelse med behandling av årsregnskap for 2017.*

4. *Administrasjonssjefen skal ha dialog med Ringebu og Sør-Fron kommuner om framtidig fordeling av støtte til Peer Gynt as. Det skal legges til grunn at støtte fra kommunene skal matche støtte fra Kulturrådet/Oppland Fylkeskommune og at Nord-Fron som*

vertskommune fortsatt yter mest til Peer Gynt as.

5. *Ordning med gratis skolemat på ungdomsskolen skal videreføres. Men i effektiviseringsarbeidet står administrasjonssjefen fritt til å vurdere den planlagte utvidelsen av ordningen fra 2019.*
6. *Ordning med fri halleie skal ikke endres i perioden.*
7. *Utviklinga av Vinstra sentrum skal være en hovedprioritet i perioden. Nye investeringer skal i hovedsak gjøres i området mellom Vinstrahallen og VVS. Bygging av nye lokaler for Karriere Oppland, helsestasjon og voksenopplæring bør være i gang første halvdel av 2019. Arbeidet med å sikre Givra bør komme i gang andre halvår 2018.*
8. *Administrasjonssjefen skal innen sommeren 2018 legge fram en sak for kommunestyret, som belyser behov og skisserer en plan for sentrumsnær bygging av leiligheter, både for eie og leie. Her skal det boligsosiale arbeidet vektlegges spesielt.*
9. *Flere kommunale boliger bør vurderes solgt. Administrasjonssjefen skal legge fram en sak for kommunestyret som viser en oversikt over kommunale boliger som kan selges. I påvente av en slik sak skal det ikke gjøres vedlikehold på lærerbolig i Gamlevegen (Prosjekt 2099 Lærarbustad Gamlevegen 19-21) og andre tilsvarende boliger det kan være aktuelt å selge.*
10. *IKT er et aktuelt område for interkommunalt samarbeid. Inntil dette spørsmålet er avklart skal det kun gjennomføres helt nødvendige IKT investeringer.*
11. *Det er satt ev kr 500.000 i 2018 til utbedring av fortau i Skåbu. Disse midlene skal brukes til å utbedre fortauet forbi det gamle samvirkelaget i Skåbu.*

I budsjettet er innsparingane ført opp på eigen funksjon (1207 Effektivisering organisasjon). Alt er ført opp under delansvar 115/117/118/119 Rådmannsleiing med unntak av politisk virksomhet som er ført opp under delansvar 111. Det blir vist til kap. 4.1 og 4.2 for detaljar.

Pr. 1.1.18 har administrasjonssjefen lagt 200 % ledig stilling frå Stab inn i stillingsbank, jf. krav frå kommunestyret om effektivisering i planperioden.

Pensjonspremie:

Pensjonspremie til Kommunal Landspensjonskasse (KLP) har dei siste åra vorte vesentleg lågare enn det budsjettprognosa frå KLP har lagt til grunn. Kommunen har så langt brukt prognosa frå KLP, men med bakgrunn i erfaringane dei siste åra er det i budsjettet lagt inn eit lågare anslag på premien enn det KLP legg til grunn i prognosa.

KLP har estimert ei samla premie-prognose på 19 %, medan det i budsjettet er lagt inn 17,5 %. Det er lagt til grunn både meir tilbakeføring frå premiefond (reduserer premien) og anna reduksjon av premien samanlikna med prognosa frå KLP.

Ut frå sentrale krav til føring av premien er tilbakeføring frå premiefondet frå KLP ført på eigen funksjon i budsjettet, og denne er ført på eige ansvar (806) i kommunens budsjett. Dette gjer at pensjonspremien på det enkelte verksemråde (VO) er høgare enn den reelle. Budsjettet premie på VO er 18,5 %. Tilbakeføring frå premiefondet utgjer i budsjettet om lag 1 %, slik at «reell» premie er 17,5 %.

Pensjonspremie til Statens Pensjonskasse (SPK) er lagt inn i tråd med prognosa frå SPK, og er på 10,87 %.

Prosjektstillingar som ligg inne i planperioden:

- 100 % prosjektstilling for Vinstra 2046 i tida 1.9.16 – 31.8.18.
- 100 % prosjektstilling for digitalisering i tida 1.1.18 – 31.12.19.

Midlar tilsvarande 57,75% prosjektstilling som flyktningmedarbeidar er lagt inn ut 2018. I gjeldande økonomiplan låg midlar til stillinga inne heile perioden. I budsjettet er midlane tatt ut frå 2019 som følgje av at det er forventa mottak av færre flyktningar.

Prosjektstilling i regi av Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal ligg inne i tråd med prosjektavgrensinga, og gjeld prosjektmedarbeidar innan Gudbrandsdalsvegen (t.o.m. august 2019).

Endringar i stillingsressursar og organisatoriske justeringar/endringar:

- Auka bemanning ved TFF med 8 årsverk knytt til barnebustad, jf. KS-sak 72/17.
- Auka tal på fastlegar med 200 %, jf. KS-sak 36/17.
- Auka bemanning SFO i tråd med KS-sak 81/17.
- Det er gjort endringar i bemanning mellom Institusjon og Heimetenester som følgje av nedlegging av langtidsplassar og oppretting av HDO-plassar, jf. FS-sak 38/17. Innan verksemråde Institusjon er det i tillegg gjort endringar mellom avdeling Øst og nattevakts-tenesta, som følgje av det same vedtaket.
- For oppretting av eitt årsverk knytt til Tildelingskontor (lagt til eigen funksjon 2348, under Stab Sundheim) er det overført 0,5 årsverk frå Stab Sundheim (funksjon 2548

Stab Sundheim Heimetenester) og 0,5 årsverk frå Forebyggande helsetenester (funksjon 2348 Konsulent for funksjonshemma).

- Jobsenteret (funksjon 2712) er frå 1.1.2018 overført frå ansvar 333 Forebyggande helsetenester til ansvar 380 Tenester for funksjonshemma.
- Ressursar tilsvarende 1,4 årsverk overført frå ansvar 380 Tenester for funksjonshemma/funksjon 2341 Aktivisering funksjonshemma (NOA) til ansvar 333 Forebyggande helsetenester/funksjon 2421 Sosial rådgiving og rettleiing (NAV).

4.1 Politisk verksemد

Delansvarsområde 111 Politisk verksemd

	2017	2018	Endr. i kr.	Endr. i %
Utgift	11 424	10 842	-582	-5,1 %
Inntekt	-66	-66	-	0,0 %
Netto	11 358	10 776	-582	-5,1 %

Politisk verksemd omfatter ansvarsområde 111 og 113.

Funksjon 1001 Politiske organ

Her ligg utgifter til ordførar / varaordførar og politiske organ. Godtgjeringa til ordførar er fastsett av kommunestyret til kr. 840.000 (uendra frå 2017). Summen gir grunnlag for godtgjeringa til folkevalte.

Det er budsjettert med kr. 147.000 årleg til tilleggsløyvingar for formannskapet og kr. 55.000 årleg for kommunestyret. Det er budsjettert med kr. 55.000 til tilleggsløyving, disponibelt for ordføraren.

Funksjon 1002 Partistøtte

Partistøtta er ført vidare på dagens nivå.

Funksjon 1003 Val

Det er lagt inn utgifter til kommuneval i 2019 og stortingsval i 2021.

Funksjon 1004 Kontrollutval/revisjon

Frå kontrollutval og revisjon er det kome forslag på til saman 1,161 mill. kr. i 2018. I budsjettet er forvaltningsrevisjon redusert med kr. 150.000, slik at det ligg inne 1,010 mill. kr. til kontrollutval/revisjon. Sjå detaljar i tabell.

	2017 Budsjett	2018 Forslag fra KU	2018 Vedteke budsjett
Kontrollutvalgskostnader/abonnement	2	3	3
Kontrollutvalgskostnader/servering	8	8	8
Kontrollutvalgskostnader/Uforutsett	7	10	10
Kontrollutvalgskostnader/Kurs	35	26	26
Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll*	306	351	200
Revisjon inkl. attestasjon og møter	629	603	603
Sekretariat	160	160	160
SUM	1 147	1 161	1 010

*Selskapskontroll utgjer kr. 50.000.

Funksjon 1005 Råd for funksjonshemma og 1006 Trafikksikkerhetsutvalget
Det er sett av kr. 22.000 årleg for kvart av desse utvala.

Funksjon 1207 Effektivisering organisasjon

I kommunestyret 19.12.17 vart det i sak 119/17 gjort vedtak om innsparing for politisk verksemd med kr. 200.000 i 2018, kr. 600.000 i 2019 og kr. 900.000 i 2020 og 2021.
Innsparingen er ført opp her. Det blir også vist til tekstvedtak relatert til effektiviserings- og endringsarbeidet (sjå side 32 og 33).

Funksjon 1804 Eldrerådet

Det er budsjettet med kr. 26.000 årleg til eldrerådet.

Funksjon 3276 Marknadsføring/arrangement

Det er avsett kr. 309.000 årleg til eigen løyvingskonto for Formannskapet til ulike arrangement/arrangementstøtte.

Delansvarsområde 113 Kyrkjeleg fellesråd.

Tabellen viser tilskott som NFK løyer til Nord-Fron kyrkjelege fellesråd (KFR) (tal i 1000):

	R-2016	B-2017*	B-2018
Søknad frå KFR		5.981	6.266
Tilskott	5.826	5.981	6.051

*I 2017 vart det i tillegg gitt tilskot til brannvarslingsanlegg på kr. 120.000. Dette er ført i investering.

KFR fekk unntak frå det generelle effektiviseringskravet på 1,5 % i 2017. I tråd med vedteke økonomiplan er kuttet lagt inn frå 2018, og det utgjer minus kr. 83.000.

Påslaget (etter fratrekks for effektiviseringskrav) er 2,6 %. Dette er berekna etter «kommunal deflator» - der om lag 75 % er lønspåslag (3,1 %) og 25 % er prisvekst (1 %) jf. budsjetttrundskrivet for kommunale tenesteområder.

4.2 Rådmannsleiing

	2017	2018	Endr. i kr.	Endr. i %
Utgift	28 153	28 956	803	2,9 %
Inntekt	-7 158	-7 460	-302	4,2 %
Netto	20 995	21 496	501	2,4 %

Rådmannsleiing omfatter ansvarsområde 115, 116, 117, 118 og 119.

Delansvarsområde 115 Rådmannsleiing.

Funksjon 1201 Administrasjon.

Administrasjonssjef og kommunalsjefar (4 stk.) med tilhørende utgifter er budsjettert under denne funksjonen. Det er lagt inn kr. 59.000 til tilleggsloøyving disponibelt for adm.sjefen.

Funksjon 1207 Effektivisering organisasjon

I kommunestyret 19.12.17 vart det i sak 119/17 gjort vedtak om innsparing for leiing og administrasjon med 1 mill. kr. i 2018, 1,5 mill. kr. i 2019, 3,5 mill. kr. i 2020 og 4 mill. kr. i 2021. I tillegg vart det gjort vedtak om innparyng på 1 mill. kr. i 2020 og 2 mill. kr. i 2021 knytt til interkommunale ordningar. Desse innsparingsane er ført opp her.

Det blir også vist til tekstvedtak relatert til effektiviserings- og endringsarbeidet (sjå side 32 og 33).

Funksjon 3252 PG AS

I budsjettet ligg det inne ei vidareføring av tilskott til Peer Gynt-stemnet med kr. 700.000 kvart år i planperioden, jf. KS-sak 99/17. På møte i kommunestyret 19.12.17 vart det i sak 119/17 i tillegg gjort slikt tekstvedtak:

«4. Administrasjonssjefen skal ha dialog med Ringebu og Sør-Fron kommuner om framtidig fordeling av støtte til Peer Gynt as. Det skal legges til grunn at støtte fra kommunene skal matche støtte frå Kulturrådet/Oppland Fylkeskommune og at Nord-Fron som vertskommune fortsatt yter mest til Peer Gynt as».

Funksjon 3271 Visit Lillehammer

Tilskot til Visit Lillehammer er ført opp med kr. 232.000.

Funksjon 3276 Marknadsføring/arrangement

Det er lagt inn reduserte kostnader til gjennomføring av Byfest. Det er avsett kr. 200.000 årleg i planperioden (kr. 300.000 i 2017).

Funksjon 3393 Beredskapstilak

Det er lagt inn kr. 34.000 årleg til beredskap/Røde Kors (støtte til lag/organisasjonar).

Delansvarsområde 116 Regionalt samarbeid

Midlar knytt til regionalt samarbeid for Midt-Gudbrandsdalen er ført under dette ansvaret. I budsjettet er det lagt til grunn vidareføring av dagens nivå, og at Oppland fylkeskommune fører vidare partnerskapsavtalen med Regionrådet for Midt-Gudbrandsdalen på line med gjeldande avtale for alle åra i planperioden. Regionrådet behandla budsjettet 1.12.17.

Funksjon 3268 Regionrådet MGD-sekretariat

Regionrådet, som består av dei tre kommunane i Midt-Gudbrandsdalen og Oppland fylkeskommune, kjøper sekretærtenester tilsvarande 100 % stilling frå NFK.

Funksjon 3269 Midt-Gudbrandsdal Næringsforening

Prosjektstilling knytt til næringssamarbeid i Midt-Gudbrandsdalen er ført under denne funksjonen med bakgrunn i at NFK har arbeidsgjevaransvaret. Utgiftene blir fullt ut finansiert av Midt-Gudbrandsdal Næringsforening. Utgifter og tilhøyrande refusjon er tatt ut frå 2019. Dette er gjort med bakgrunn i signal om at næringsforeninga endrar lokalisering til Ringebu. I tråd med gjeldande økonomiplan er det lagt inn eit kommunalt tilskott til Midt-Gudbrandsdal Næringsforening i 2018 på kr. 100.000. Dette er ført opp under ansvar 160 Areal og næring.

Funksjon 3270 Regionrådet MGD-prosjekt

Her ligg det partnerskapsmidlar til regionrådet, årleg 3,5 mill. kr. Dette er fordelt med 2,5 mill. kr. frå OFK og kr. 333.000 frå kvar av MGD kommunane. Her ligg løn til prosjektmedarbeidar som vart tilsett i 2016 knytt til prosjekt Gudbrandsdalsvegen. Prosjektstillinga går ut august 2019.

Funksjon 3278 Løn leiar regionrådet i MGD

Det er budsjettert med kr. 60.000 + arbeidsgivaravgift for godtgjøring til leiar av regionrådet. Dette blir dekt av dei 3 kommunane i regionen.

Delansvarsområde 117 Fellesutgifter oppvekst

Under dette ansvaret er det samla fellesutgifter og inntekter for skole og barnehage som det ikkje er naturleg å føre på den enkelte barnehage/skole.

Funksjon 1207 Effektivisering organisasjon

I kommunestyret 19.12.17 vart det i sak 119/17 gjort vedtak om innsparing for skole og barnehage med 0,5 mill. kr. i 2019, 2 mill. kr. i 2020 og 2,5 mill. kr. i 2021. Innsparingen er ført opp her. Det blir også vist til tekstvedtak relatert til effektiviserings- og endringsarbeidet (sjå side 32 og 33).

Funksjon 2011 Barnehage

Utgifter til vidareutdanning og kompetanseheving for tilsette i barnehagen ligg her.

Til generell kompetanseheving er det lagt inn kr. 100.000 årleg for å følgje opp utviklingsarbeidet i barnehagane.

Her ligg også statleg tilskott for å betre språkforståing hos minoritetsspråklege barn i førskolealder.

Funksjon 2012 Private barnehagar

Det er lagt inn 10 mill. kr. i 2018 for tilskot til ikkje-kommunale barnehager, jf. vedtak om tilskotssatsar KS-sak 118/17. Vidare i planperioden er det lagt inn 9,6 mill.kr. Tilskottet for 2018 er auka med 1,3 mill. kr. frå 2017.

På konto 1470 ligg refusjon til ikkje-kommunale barnehagar for søskenmoderasjon.

Funksjon 2021 Grunnskole

Kostnader til vidareutdanning for 3 lærarar, og refusjon frå staten til dette, er ført her.

Det er i tillegg lagt inn midlar til frikjøp av Vurdering for læring og Ungdomsskolesatsinga i lesing. Kostnaden blir refundert frå staten.

Det er lagt inn tilskott til regionale stilling (YOU-koordinator/karriereveileder) ved Karrieresenteret Opus Midt-Gudbrandsdal.

Her ligg også betaling til andre kommunar for fosterheimsplasserte elevar.

Funksjon 2022 Mottaksklasse flykningar

I samband med auka bosetting, og for å styrke integrering, vart det sett av midlar til mottaksklasse. Som følgje av at det er forventa færre flyktingar er tiltaket noko redusert.

Det er sett av kr. 300.000 årleg i planperioden (var kr. 400.000 i 2017 og vidare i gjeldande økonomiplan).

Funksjon 2024 Logoped – interkommunalt samarbeid

Nord-Fron og Sør-Fron kommune kjøper logopedtenester frå MGPP i 100 % stilling. Nord-Fron dekker 60% av kostnadene og dette ligg inne med kr. 578.000 i 2018, som er i tråd med vedtak i representantskapsmøte for interkommunale ordningar 25.10.17.

Funksjon 2025 og 2112 MGPP – tilskot til skole og barnehage

Her er utgiftene til PP-tenesta fordelt mellom skole (80 %) og barnehage (20 %). Samla tilskott frå Nord-Fron er 2,651 mill. kr. i 2018, jf. vedtak i representantskapsmøte 25.10.17.

Funksjon 2131 Vaksenopplæring

Funksjonen dekker utgifter til undervisning av vaksne på grunnskolenivå og til opplæring for vaksne med særskilde behov for opplæring/opptrening etter sjukdom/skade.

Til vaksenopplæring til vaksne som har rett på opplæring p.g.a. funksjonshemming er det budsjettet med kr. 85.000 årleg i planperioden.

Funksjon 2151 Skolefritidstilbod

Her ligg kostnader til sommar-SFO i 4 veker av sommarferien. Det er sommar-SFO i Skåbu og Kvam samt samla tilbod for Vinstraområdet (lagt anna kvart år ved Barhaug og Sødorp skole). Tilboden blir gjennomført når det er meldt på meir enn 5 barn. Det er budsjettet med netto utgift på kr. 102.000 kvart år i planperioden.

Funksjon 2221 Skolelokale og skyss

Her ligg utgifter til skyss for grunnskoleelevar som får opplæring i anna kommune (Montesorri Venabygd).

Delansvarsområde 118 Fellesutgifter pleie/omsorg

Under dette ansvaret er det samla fellesutgifter og inntekter innan pleie/omsorg som det ikkje er naturleg å føre på den enkelte verksemdsområdet.

Funksjon 1207 Effektivisering organisasjon

I kommunestyret 19.12.17 vart det i sak 119/17 gjort vedtak om innsparing innan helse og omsorg med 1 mill. kr. i 2019, 3 mill. kr. i 2020 og 3,5 mill. kr. i 2021. Innsparingsa er ført opp her. Det blir også vist til tekstvedtak relatert til effektiviserings- og endringsarbeidet (sjå side 32 og 33).

Funksjon 2537 Korttidsopphald/rehabilitering.

Det er ikkje ført opp midlar til betaling for utskrivingsklare pasientar (betaling til sjukehuset). Dette er gjort med bakgrunn i at kommunen fram til no ikkje har hatt slike utgifter. I gjeldande økonomiplan var det ført opp kr. 108.000 årleg til slike utgifter.

Funksjon 2566 Velferdsteknologi.

På funksjonen er utgifter til 100 % prosjektstilling i 2 år knytt til digitalisering ført opp. Stillinga er delvis finansiert med statleg tilskott, slik at netto kostnad i budsjettet er kr. 322.000 årleg i 2018 og 2019.

Delansvarsområde 119 Fellesutgifter Kultur, Teknisk drift, Areal og næring

Funksjon 1207 Effektivisering organisasjon

I kommunestyret 19.12.17 vart det i sak 119/17 gjort vedtak om innsparing innan Kultur, Teknisk drift, Areal og næring med til saman 0,5 mill. kr. i 2018, 2 mill. kr. i 2019, 4,5 mill. kr. i 2020 og 5 mill. kr. i 2021. Innsparinga er ført opp her. Det blir også vist til tekstvedtak relatert til effektiviserings- og endringsarbeidet (sjå side 32 og 33).

4.3 Stab

	2017	2018	Endr. i kr.	Endr. i %
Utgift	28 492	28 806	314	1,1 %
Inntekt	-4 199	-4 199	-	0,0 %
Netto	24 293	24 607	314	1,3 %

Stab omfatter ansvarsområde 121, 125, 126 og 130.

Delansvarsområde 121 Stab.

Funksjon 1201 Administrasjon.

Her er det budsjettet utgifter til stab/støtteeiningar og ulike fellesutgifter. Det er lagt inn ein reduksjon i kursutgifter med kr. 115.000.

Funksjon 1206 Interkommunalt samarbeid - skatt og innfordring.

Nord-Fron kommune deltek i det interkommunale samarbeidet om felles innkreving av skatt og kommunale fordringar saman med Gausdal, Øyer og Lillehammer kommune. Det er budsjettet med 1,240 mill. kr. i årleg tilskott (1,229 mill. kr. i 2017, dvs. auke på 1 %).

Delansvarsområde 125 Fellesutgifter.

Funksjon 1201 Administrasjon.

Her ligg felles administrasjonsutgifter slik som porto, telefon, personforsikringar m.m. Det er budsjettet med kr. 167.000 årleg til AVEK (aktivitets- og velferdskomite).

Det er budsjettet med tilskott til bedriftshelsetenesta på kr. 344.000 pr. år. Delar av vederlag for administrative kostnader knytt til interkommunale ordningar som kommunen er vertskommune for er også ført her.

Kontingent til LVK (Landssamanslutning for vassdragskommunar) er ført opp med kr. 115.000, og dette blir dekka frå kraftfond.

Det er lagt inn ein reduksjon på kr. 100.000 for annonsekostnader.

Funksjon 1203 Tillitsvalde

Her ligg kostnader til løn for tillitsvalde med rett til frikjøp samt hovudverneombod. Til saman er det lagt inn 1,095 mill. kr. årleg til dette.

Funksjon 1208 IKT-fellesutgifter

Midlar til lisenskostnader og ulike driftsavtaler til ulike driftsavtaler knytt til IKT-fagsystem som Acos og Visma er ført her.

Funksjon 1809 Seniortiltak

Seniorpolitisk delplan var revidert hausten 2013, med full effekt frå august 2014. Som følgje av dette er budsjetterte utgifter sterkt redusert. I budsjettet er det lagt inn kr. 100.000 årleg til seniortiltak (kr. 200.000 i 2017).

Funksjon 2026 Fellesutgifter IKT-grunnskole og 2016 Fellesutgifter IKT-barnehage

Her er det budsjettet med utgifter til diverse vedlikehaldsavtaler for programvare innafor skole og barnehage. Eit av årsverka knytt til IKT i kommunen er, som tidlegare, budsjettet på denne funksjonen.

Delansvarsområde 126 Lærlingar

Det vil pr. januar 2018 vera 6 lærlingar i kommunen. Kommunen har vedtak om 6 lærlingar, og har motteke ekstra-tilskot frå KS for lærlingar ut over vedtaket, og det er lagt opp til at vi har fleire att frå hausten 2018.

Kommunen har inngått avtale med opplæringskontor i Nord-Gudbrandsdal innan kokkefag.

Delansvarsområde 130 Stab Sundheim

Funksjon 2538 og 2548 Stab Sundheim, Institusjon og Heimetenester.

Vakant 50 % stillingheimel ved Stab Sundheim (funksjon 2548) er overført til tildelingskontor. Ut over dette er det lagt opp til ei vidareføring av dagens driftsnivå.

Funksjon 2348 Tildelingskontor.

Det er ført opp utgifter til 100 % stilling ved nyopprettet tildelingskontor, jf. KS-sak 37/17. Stillinga er finansiert gjennom omdisponering av vakante stillingsheimlar ved Stab Sundheim (50 %) og delar av Konsulent for funksjonshemma, Forbyggande helsetenester (50 %).

4.4 Teknisk drift (TD)

	2017	2018	Endr. i kr.	Endr. i %
Utgift	85 607	84 111	-1 496	-1,7 %
Inntekt	-58 317	-57 681	636	-1,1 %
Netto	27 290	26 430	-860	-3,2 %

Delansvar 140 Teknikk, næring og eidegod

Lønn til reinhaldarar og vaktmesterar er ført under Teknisk drift, med unntak for personell knytt til kulturbygg. Kostnadene er fordelt ut til dei ulike bygga, saman med andre driftskostnader som straum og vedlikehald.

Når det gjeld husleigesatsar er det generelt lagt til grunn prisauke på 2,5 %, men auken vil variere mellom ulike bygg og i forhold til kva lovverk dei er omfatta av, jf. KS-sak 117/17.

Funksjon 3002 Oppmåling

100 % stilling knytt til oppmåling og inntekter frå gebyr er ført på denne funksjonen. Det er lagt opp til bruk av opparbeidd sjølvkostfond med kr. 197.000 i 2018.

Funksjon 3004 Eigedomsskatt

Det er budsjettert med utgifter til 50 % stilling årleg for å halde regisitra og systemet ajour.

Funksjon 3262 Tannklinikk

Det er lagt inn midlar til forvaltning, drift og vedlikehald av tannklinikk med kr. 452.000 årleg i planperioden. Det er lagt inn husleigeinntekt med kr. 818.000 årleg.

Funksjon 3266 Ambulansebase – utleige.

Det er lagt inn midlar til drift av ambulansebase, og leigeinntekter på kr. 249.000 årleg .

Funksjon 3267 Nedregt. 54 - utleige.

Avdeling rus/psykiatri nytter delar av lokala inntil vidare. Inntekter frå ekstern husleige er redusert som følgje av dette.

Funksjon 3331 Kommunale vegar

Det er sett av 2,87 mill. kr. årleg til vedlikehald av kommunale vegar.

Funksjon 3351 Parkanlegg

Driftsnivået er vidareført i planperioden.

Funksjon 3353 Flomsikringsanlegg

Til vedlikehald av flomsikringsanlegg er det ført opp kr. 208.000 årleg.

Funksjon 3381 Feiarvesen og funksjon 3391 Brannvesen

Her er ført opp kommunens tilskott til Midt-Gudbrandsdal Brannvesen (MGB) etter vedtak i representantskap for dei interkommunale selskapa 25.10.2017.

Tilskottet til brannvesen er på 5,799 mill. kr. I tillegg er det budsjettert med eit investeringstilskott på kr. 256.000 knytt til utskifting av brannbil/beredskap.

Når det gjeld feiing er det inntekt frå årsgebyr som blir overført direkte til MGB. Dette er budsjettert med 1,528 mill. kr. i 2018. Det er lagt opp til ei auke i feieavgifta på om lag 1,9 %, jf. KS-sak 114/17. Nord-Fron fakturerer MGB for interne kostnader relatert til feiing (t.d. fakturering) med kr. 128.000.

Funksjon 3451 Leidningsnett vatn

Det er lagt inn 1,97 mill. kr. til større vedlikehald i 2018. Dette må m.a. sjåast i samanheng med tiltak for å redusere innlekkning på avlaupsnettet, og dette vil også gje kostnader på utskifting av ledningsnettet for vatn. Vidare i planperioden ligg det 1,6 mill. kr. i 2019 og 1,9 mill. kr i 2020 og 2021.

Det er lagt til grunn uendra pris for abonnement- og forbruk av vatn frå 2017 til 2018, jf. KS-sak 114/17.

Funksjon 3455 Furusjøen/ledn.nett vatn og 3535 Furusjøen/ledn.nett kloakk

Her er det budsjettert med inntekt gjennom tilknytningsgebyr og årsavgift. Bruk/avsetning til eige driftsfond er avstemt mot kapitalkostnader i tråd med investeringane, jf. KS-sak 93/14 og KS-sak 59/17. Størstedelen av tilknytningsgebyr er lagt inn i 2019. Det er budsjettert med noko kommunale avgifter (inntekter) som følgje av prosjektet frå 2019.

Det blir også vist til kommentar under kap. 3 investeringar.

Funksjon 3501 Renseanlegg og funksjon 3502 Slambehandling

Tilskott til Frya Renseanlegg er i 2018 budsjettert med 1,840 mill. kr. (1,866 i 2018).

Dette er i tråd med vedtak i representantskap for dei interkommunale selskapa 25.10.2017.

Funksjon 3531 Kloakknett.

I samband med innlekkingsproblematikk og andre større vedlikehaldsoppgåver er det lagt inn totalt 5,8 mill. kr. til dette i 2018. Dette er 4,3 mill. kr. ut over «normalt» større vedlikehald. Vidare i planperioden er det samla lagt inn 5,3 mill. kr. i 2019, 2,5 mill. kr. i 2020 og 1,6 mill. kr. i 2021 til større vedlikehald. Vedlikehaldskostnader knytt til innlekkning er finansiert gjennom bruk av sjølvkostfond på kloakk/avløp. Årsavgift på kloakk blir redusert med 2 % frå 2017 til 2018, jf. KS-sak 114/17.

Det er lagt inn auka utgifter til Frya RA dei to siste åra i planperioden.

Det er også ført opp investeringskostnader knytt til reduksjon av innlekkning, sjå kap. 3.

Funksjon 3541 Septik

Kommunens eigne kostnader til saksbehandling og oppfølging av septikarbeid har gått ned som følgje av ny kontrakt om septiktømming. I tillegg blir det ikkje lengre levert slam til kommunen sitt renseanlegg. Avgifta har vore sett ned dei to siste åra – og blir sett ned med ytterlegare 5 % frå 2017 til 2018, jf. KS-sak 114/17.

Det er i budsjettet lagt til grunn at det i planperioden årleg skal brukast kr. 300.000 av opparbeidd sjølvkostfond knytt til septik.

Funksjon 3551 Renovasjon.

Etter endring av vedtekter for Midt-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (MGR), vedteke i KS-sak 66/14, skal inntekt frå årsgebyr overførast direkte til MGR. Nord-Fron subsidierte fram t.o.m. 2016 avgifta gjennom bruk av opparbeidd sjølvkostfond. Avgifta har frå 2017 ikkje vore subsidiert.

I representantskapet for dei interkommunale ordningane 25.10.2017 vart satsar og berekna overført avfallsgebyr vedteke, og det inneber ei auke i avgifta på 6 % for abonnentar i Nord-Fron, jf. også KS-sak 114/17.

Berekna overført avfallsgebyr for Nord-Fron i 2018 er 5,707 mill. kr., jf. vedtak i representantskapet for dei interkommunale ordningane 25.10.2017 .

Nord-Fron fakturerer MGR for interne kostnader relatert til renovasjon (t.d. fakturering) med kr. 477.000.

Avgiftssatsar:

Det er budsjettert med følgjande endring i avgiftssatsar for kommunaltekniske tenester, jf. KS-sak 114/17:

Abonnement- og forbruksavgift på **kloakk** er redusert med 2 % frå 2017.

Abonnement- og forbruksavgift på **vatn** er uendra frå 2017.

Septikavgifta er redusert med 5 % frå 2017.

Renovasjonsavgifta er auka med i snitt 6 % frå 2017, og **feieavgifta** er auka med 1,9 %.

Dette er i tråd med vedtak i representantskap for dei interkommunale selskapa 25.10.2017.

Dekningsgrader:

I budsjettet for 2018 er det lagt til grunn slike dekningsgrader for dei kommunaltekniske tenestene:

Dekningsgrader for budsjett 2018

	Septik	Vatn	Avløp
Brukerbetaling/ salgsinntekt	-1 200	-8 600	-13 800
Direkte kostnader	1 287	7 099	14 952
Indirekte kostnader	213	485	590
Netto kapitalkostnader	-	1 856	2 258
Sum kostnader	1 500	9 440	17 800
Resultat (inntekt minus kostnad)	300	840	4 000
Budsjettet dekningsgrad	80 %	91 %	78 %
Avsetning fond			
Bruk fond	-300	-840	-4 000
Resultat etter bruk / avsetning	-	-	

Feiing og renovasjon blir rekneskapsført hos MGB og MGR, som utarbeidar dekningsgrad.

Når det gjeld dekningsgradar/sjølvkostbereking, er det først ved rekneskapsavslutning ein vil få dei rette tala for dekningsgrad på dei forskjellige tenestene.

Delansvar 143 Flom 2013

Det er ikkje ført opp nye midlar i 2018 til utbetringer som følgje av flom 2013. Noko arbeid vil stå att til 2018 og dette vil bli finansiert med tidlegare mottekne skjønnsmidlar, som er sett av til eige fond.

4.5 Areal og næring (AN)

	2017	2018	Endr. i kr.	Endr. i %
Utgift	15 563	16 499	936	6,0 %
Inntekt	-4 446	-4 779	-333	7,5 %
Netto	11 117	11 720	603	5,4 %

Areal og næring omfatter ansvarsområde 160.

Delansvar 160 Areal og næring

Det er i hovedsak lagt opp til vidareføring av dagens driftsnivå.

Funksjon 3001 Byggesaker

Byggesak finansierast gjennom gebyrregulativet. Det er lagt inn ei minimal auke som følge av auka aktivitet. Det er i 2018 lagt inn midler til ekstrahjelp for arbeid med digitalisering av eldre byggesaksarkiv.

Funksjon 3003 Planlegging

Revisjon av kommuneplanen vil ha stort fokus også i 2018. Det er ikke lagt opp til aktivitetsendring elles og dermed heller ikkje til arbeid med tilsluttande planer som t.d. arbeiding av kulturminneplan.

Funksjon 3005 Kart/Geodata

Her ligg kostnader til drift av felles geodata-løsning for midtdalen.

Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskap for dei interkommunale selskapa 25.10.2017.

Netto kostnad i driftsbudsjettet for Nord-Fron i 2018 er 1,159 mill. kr. (kr. 909.000 i 2017). I tillegg kjem investeringskostnader ført opp i investeringsrekneskapen (sjå kap. 3).

Funksjon 3249 Campus Vinstra

Til driftskostnader knytt til realisering av prosjekt Campus Vinstra er det lagt inn kr. 300.000 årleg i 2020 og 2021. Det blir også vist til KS-sak 24/17.

Funksjon 3251 Næringsrettledning.

I tråd med vedtak i kommunestyret 19.12.17, KS-sak 119/17, er det her ført opp kr. 300.000 årleg til nærings- og utviklingsarbeid.

Her ligg også kostnader til husleie på Vinstra veipark i tråd med KS-sak 22/16.

Funksjon 3257 Tiltaksarbeid.

Det er avsett kr. 50.000 til årleg tilskott til Skåppå Kunnskapspark AS, og kr. 5.000 til medlemsavgift i Vinstra Markedsforening. Elles viderført som tidlegare.

Funksjon 3255 Landbrukskontor, og 3292 Veterinærvakt

Driftsnivået er videreført som tidligere.

Funksjon 3280 Vinstra 2046

Det er lagt inn midlar til prosjektet i tråd med vedtak i KS-sak 85/16. Prosjektetleiar er tilsett ut august 2018.

Funksjon 3602 Miljøvern.

